



MØTEINNKALLING

Utval: Maritim og teknisk komite
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 26.08.2014
Tid: 15:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellessekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 19.08.14

Idar Tarberg
leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 75/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 76/14	Protokoll frå førre møte.
PS 77/14	Delegerte saker
PS 78/14	Referatsaker
PS 79/14	Toralv Rabben 60/4 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på frådelling av 2100 m2 som tilleggsareal til 60/396.
PS 80/14	Mørenett AS - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på oppføring av ny radiohytte og mast på Rjåhornet på Gurksøya i Herøy kommune.
PS 81/14	Olaug Janne Husøy og Magnus Lillestøl 60/375 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på oppføring av bustadhus.
PS 82/14	Per Husholm - 64/6 - Dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og PBL § 1-8, tiltak i LNF område og i 100metersbeltet langs sjø.
PS 83/14	Arnfinn Sporstøl 79/83 Utlekking av flytebrygge
PS 84/14	Børre Oddmund Waagan -79/129 - Dispensasjon frå plankrav og kommuneplanens arealdel vedr oppføring av tilbygg til bustadhus
PS 85/14	Tømrer Service AS 45/164 - Dispensasjon frå reguleringsføresegnene til RP7 DRAGSUND - oppføring av tomannsbustad med 2 etg og plassering av garasjebygg nærare veg enn regulert byggelinje
PS 86/14	Erling Magne Hestholm - 44/108 - dispensasjon frå føremål i kommuneplan og pbl § 1-8, tiltak i 100-metersbeltet langs sjøen.
PS 87/14	Svein Hugås - 45/162 - Dispensasjon frå reguleringsføresegnene til RP7- Dragsund - oppføring av hus med 2 etg. og plassering av garasjebygg nærmare veg

enn regulert byggelinje

PS 88/14

Asfaltering av grusvegar 2014.
Prioritering/bruk av midlar.

PS 89/14

Reasfaltering av kommunale vegar 2014.
Prioritering/bruk av løyvde midlar.

PS 90/14

Klage på vedtak i MTK-sak 68/14

Delegerte saker frå avdelingane

- DS 241/14 Gnr 31 Bnr 4 - Frådeling av grunneigedom
- DS 242/14 Gnr 26 Bnr 29, 43 og 169 - Frådeling av grunneigedom til bustadføremå
- DS 243/14 Villa Smolt AS 60/349 - Klagen gis ikkje oppsetjande verknad
- DS 244/14 Bjørge Kvalsund 33/16 - Løyve til oppføring av terrasse
- DS 245/14 Anne Ma Solheim og Arthur Almestad 33/116 - Tiltak einebustad - Mellombels bruksløyve
- DS 246/14 Gnr 4 Bnr 43 Frådeling av tilleggsareal
- DS 247/14 Gnr 45 Bnr 1 Frådeling av bustadtomt
- DS 248/14 Frank Abrahamsen - 83/86 - Avslag på søknad
- DS 249/14 Arve Voldsund - 26/27 - Løyve til rehabilitering av skorstein
- DS 250/14 Silje Steinsvik Paulsen 38/253 - Løyve til tiltak utan ansvarsrett - Tilbygg terrasse
- DS 251/14 Orlaug Nerem 33/90 - Ferdigattest for rehabilitering av skorstein
- DS 252/14 Kjell Brudevoll 19/53 - Løyve til oppføring av tilbygg til bustadhus - hagestove
- DS 253/14 Ferdigattest tilbygg 16/76
- DS 254/14 Ferdigattest rehabilitering av pipe - 29/65
- DS 255/14 Oddvin Støylen 83/51 - Løyve til oppføring av carport og vinterhage
- DS 256/14 Mesterhus Volda 31/4 - Løyve til oppføring av 2-mannsbustader og 4-mannsbustader med tilhøyrande garasjer, tilkomstveg, parkering, gangveg, støttermurar og uteområde på Hjelmeset
- DS 257/14 Ferdigattest 34/295
- DS 258/14 Møre barne- og ungdomsskule STI 45/141 - Løyve til tiltak - Masseutskifting av tomt framfor bygg
- DS 259/14 Egersund Herøy AS 22/48 - Igangsetjingsløyve for tiltak på eksisterende industribygg
- DS 260/14 Nils Gunnar Valde - 45/161 - Garasjebygg
- DS 261/14 Marine Harvest AS 38/8 - Løyve til tiltak

- DS 262/14 Eggesbø eiendom AS 22/52 - Løyve til riving av tank
- DS 263/14 Herøy kommune 29/341 - Løyve til oppføring av mur og innsynsskjerm
- DS 264/14 Saad Abdul Amir Khalil - 34/50 - Bod 13 m2
- DS 265/14 Svein Henning Sydhagen 60/68,211 - Ferdigattest for bygging av terrasse
- DS 266/14 Gnr 50 Bnr 3 - Frådeling av eigedom til næringsformål, vassverk.
- DS 267/14 Torgeir Hide 60/32 - Løyve til bygging av tilkomstveg og oppføring av bustadhus
- DS 268/14 Gnr 53 Bnr 13 - Frådeling av grunneigedom med påståande bustadhus
- DS 269/14 Gnr 12 Bnr 1 - Frådeling av 2 bebygde nausttomter.
- DS 270/14 Sverre Ytrebø Rødset 4/256 seksjon 2 - Løyve til innreiing av loftsrom i bustad
- DS 271/14 Tømrer Service AS 60/445 - Løyve til oppføring av 2-mannsbustad med garasje, støttemur, etablering av ny avkøyrsløp og opparbeiding av terreng utomhus
- DS 272/14 Anita og Ottar Ristesund - 36/112 - Tilbygg hagestove
- DS 273/14 Fredrik Gunnar Hagemann 40/1 - Ferdigattest for reiskapshus
- DS 274/14 Gnr 12 Bnr 5 - Frådeling av eigedom, eldre skuleareal
- DS 275/14 Svein Ove Moltubakk 60/342 - Løyve til oppføring av tilbygg til garasje
- DS 276/14 Herøy vasslag SA - 19/17 og 85 - tiltak sjøledning Indre Røyra
- DS 277/14 Gnr 37 Bnr 51 - Frådeling av bustadeigedom
- DS 278/14 Sjøgata Eigedom as - 34/22 - Riving av lagerbygg
- DS 279/14 Ferdigattest 45/90 seksjon 1+2
- DS 280/14 Gnr 34 Bnr 99 Frådeling av grunneigedom til bustadforemål
- DS 281/14 Tømrer Prosjekt as - 34/503 og 504 - Tomannsbustad med frittliggende garasje
- DS 282/14 Jan-Erik Reite 4/250 - Oppføring av naust/flytebrygge på Kvalsund hamn -

Ferdigattest

- DS 283/14 Bård Remøy 12/319 - Løyve til endring av tidlegare godkjent tiltak
- DS 284/14 Heidi Stephan Myklebust - 11/155 - Einebustad med frittliggande garasje
- DS 285/14 Gnr 25 Bnr 11- Frådeling av bebygd eige-dom
- DS 286/14 Gnr 38 Bnr 113 - Frådeling av tilleggsareal industriformål til gnr 38 bnr 223.
- DS 287/14 Mellombels bruksløyve 26/208
- DS 288/14 Tømreer Prosjekt as - 56/108 - 2 mannsbustad med garasjebygg
- DS 289/14 Tømrer Prosjekt as - 34/504 - Endring av ansvarsrett
- DS 290/14 Gnr 26 Bnr 82 - Frådeling av bustadtomt
- DS 291/14 Ferdigattest 45/161
- DS 292/14 Karsten R. Pareliussen 9/44 - Løyve til oppføring av veranda
- DS 293/14 Ørsta Byggservice AS 25/87 - Mellombels bruksløyve

Referatsaker

- RS 16/14 Varsel om oppstart av planarbeid -
reguleringsendring Trolldalen
- RS 17/14 Masseuttak Mjølstadneset industriområde -
Avslutning av avtale med Aurvoll og
Furesund AS
- RS 18/14 Masseuttak Mjølstadneset industriområde -
avslutning av avtale med Farstad Maskin
AS
- RS 19/14 Mykebustvatnet Vest - avslutning av arbeid
i samband med avtale om delutbygging av
tekniske anlegg
- RS 20/14 K-sak 70/14: Miljøopprydding i Fosnavåg.
Deponering av masser. Val av alternativ
- RS 21/14 Mjølstadneset industriområde - avslutning
av avtale med Frantzen Maskinstasjon AS

PS 75/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 76/14 Protokoll frå førre møte.

PS 77/14 Delegererte saker

PS 78/14 Referatsaker



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2014/956
		Arkiv:	60/4

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
79/14	Maritim og teknisk komite	26.08.2014

**TORALV RABBEN 60/4 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ
KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ FRÅDELING AV 2100 M2 SOM
TILLEGGSAREAL TIL 60/396.**

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen og frå deleforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL §§ 19-2 og 1-8, med sikte på frådeling av 2100 m2 frå gnr. 60 bnr. 4 på Moltustranda i Herøy. Det vert samstundes gjeve samtykke til frådeling av arealet i medhald av jordlova § 12.

Dispensasjonen vert grunngjeven med at tiltaket sikrar eigedomsrett til veg til ei eksisterande bebyggd nausttomt, at frådelinga ikkje vil føre til ulemper for landbruksdrifta og at det ut over dette ikkje har særlege konsekvensar i høve til natur-, friluft- eller ålmenne interesser i området.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy

Toralv Rabben, Øvrevegen 16, 6102 Volda

Svein Aam, 6100 Volda

Vedlegg:

Kopi av dispensasjonssøknad m/vedlegg frå Toralv Rabben, datert 25.05.2014.

Kopi av uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 04.07.2014.

Kopi av uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 07.08.2014.

Utsnitt av ortofoto i M 1:1000 som viser omsøkt areal.

Utsnitt av kommuneplanen i M 1:30000 med påført lokalisering av tiltaket.

Saksopplysningar:**BAKGRUNN:**

Toralv Rabben har med utfylt søknadsskjema, datert 25.05.2014, søkt om dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen og deleforbodet i 100-metersbeltet i strandsona med sikte på frådelling av eit areal på 2100 m² frå gnr. 60 bnr. 4 på Moltustranda i Herøy. Vedlagt følgjer også frådellingssøknad av same dato. Parsellen er forutsett nytta som tilleggsareal til ei eksisterande nausttomt i området, gnr. 60 bnr. 396. Søknaden vart sendt på høyring med brev av 19.06.2014. Utanom Møre og Romsdal Fylkeskommune har ein no motteke uttale frå øvrige tilskrivne høyringspartar og saka er med det klar for politisk sluttbehandling.

Fylkeskommunen har gjennom rundskriv tidlegare i år klargjort at det ikkje vil verte gitt uttale i saker dei ikkje har merknader til. Ein legg såleis til grunn at Fylkeskommunen ikkje har merknader til dispensasjonssøknaden.

SØKNADEN OG SØKNADSPROSESSEN:

Det aktuelle arealet ligg mellom kommunevegen og sjøen på Munkestranda og inntil den ovanne mnde nausttomta som er eigd av Trude Rabben (dotter til søkjar) og Svein Aam. Vegtilkomsten til nausttomta går frå kommunevegen og over gnr. 60 bnr. 4. Som ledd i eit generasjonsskifte på bruket ønskjer no søkjar å gi Rabben/Aam eigedomsrett til denne vegen. Ut over dette er det ingen planar om å iverksetje tiltak på det omsøkte tilleggsarealet og det vert såleis lagt til grunn at frådellinga ikkje vil ha konsekvensar korkje for natur-, kultur-, friluft- eller ålmenne interesser i området. Det ligg føre uttalar frå følgjande høyringsorgan:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 04.07.2014

Fylkesmannen uttalar at han ut frå sine ansvarsområde ikkje har merknader til søknaden.

Uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor av 07.08.2014

Landbrukskontoret viser i sin uttale til at det omsøkte arealet ikkje er dyrka eller dyrkbar jord og at det difor ikkje er naudsynt med noko omdisponering etter jordlova § 9. Arealet vert elles vurdert som marginalt for eigedomen og vil såleis etter

Landbrukskontoret sitt syn ikkje føre til noko ulempe for landbruksdrifta i området. Det vert etter dette tilrådd å gi løyve til dispensasjon/frådeling som omsøkt.

Vurdering og konklusjon:

Det omsøkte tiltaket ligg innanfor område som i kommuneplanen er avsett til LNF-formål, noko som inneber krav om dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen. Med nærleiken til sjøen vil det i tillegg vere behov for å dispensere frå deleforbodet i 100-metersbeltet i strandsona. Tiltaket må ut over dette også behandlast i medhald av jordlova § 12.

Ingen av uttaleorgana har merknader til søknaden. I nærområdet til nausttomta (gnr. 60 bnr. 396) er det for øvrig 4 andre naust med tilhøyrande småbåtanlegg (moloar, flytebrygger m.v.). Ut over sjølve eigarskiftet legg rådmannen til grunn at tiltaket ikkje vil ha særskilde konsekvensar. Det vert i denne samanheng også vist til at det ikkje er registrert særlege miljøverdiar i området som kan verte skada av tiltaket og tiltaket vert heller ikkje vurdert å kunne resultere i noko uforsvarleg belastning og/eller innebere nokon irreversibel skade på økosystemet i området, jfr. naturmangfaldslova §§ 8-10.

Rådmannen konkluderar med at ein dispensasjon korkje vil tilsidesetje dei omsyn planen (kommuneplanen) er meint å ivareta eller formålsbestemmelsen i lova. Fordelane ved å gi dispensasjon vert såleis vurdert som større enn ulempene.

Konsekvensar for folkehelse:

Tiltaket vert ikkje vurdert til å ha særskilde konsekvensar for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Tiltaket vert heller ikkje vurdert til å ha særskilde konsekvensar for beredskapen.

Konsekvensar for drift:

Det omsøkte tiltaket vert ikkje vurdert til å ha særskilde driftskonsekvensar.

Fosnavåg, 11.08.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten

Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til:
Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Saksnr. i kommunen:

Motteke:

Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).

Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom: 1515

Gnr.

60

Bnr.

4

Festnr.

Kort omtale av tiltaket:

Eigar Torolv Rabben ønskjer å frådele del av eigedomen rundt mauvstet til dotter Trude Rabben og hennar ektefelle, Svein Aam i samband med generasjonskifte.

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

P.b.l. § 19-2 og 1-8

Grunngjeving:

Trude Rabben/Svein Aam eig 60/396, som tidlegare er frådelt 60/4. Mauvstet på denne eigedomen (60/396) har vegtilkomst over 60/4. Formålet med frådellinga er å gi Trude Rabben/Svein Aam eigedomstett til denne vegen. Tiltaket har ingen konsekvensar for natur- og kulturminner eller allmenne interesser.

Varsling av naboar/gjenbuvar vedlegg nr.: 1

Eventuelle teikningar, kart etc. vedlegg nr.: 2

Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter vedlegg nr.:

Namn

Torolv Rabben

Adresse

Chorv. 16

Postnr.

602

Postadr.

Volda

Telefon

Mobiltf.

958 10916

Dato:

25.05 2014

signatur

Torolv Rabben

Skriv ut

Søknad om deling og eller rekvisisjon av oppmålingsforretning

(W)

Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 93, 1. ledd, bokstav h - jf. pbl kap. XI og XII og lov om eigedomsregistrering (matrikkelova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfylt. Ved plassmangel, lag eige vedlegg.

Søknaden skal sendast:

Herøy kommune, Postboks 274 6099 FOSNAVÅG

Plass for kommunen sitt stempel

**HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN**

Reg. nr.
2014/956

Saksnr.
AK

12 JUNI 2014

Ark. kode P

Ark. kode S

J. nr.

Desk. nr.

Kassasr.

1. Sakstype – rekvisisjon (sjå rettleiing s.4):

- I. Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning ved oppretting eller endring av matrikkeleining (PBL§93).
- II. Utsetjing av oppmålingsforretning. Søkjar er ansvarleg for å rekvirere oppmålingsforretning innan 3 år, før delingsløyvet går ut. Jf. §96 pbl.
- III. Rekvisisjon i medhald av matrikkelova kap. 3 og 7 (pkt. 1-3 og 10-12 skal fyllast ut)

2. Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom(ar):

Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar)
60	4			TORALV RABBEU
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):

3a. Søknaden gjeld:

3b. Rekvisisjonen gjeld:

Sakstype I og II (PBL§93)	<input checked="" type="checkbox"/> Deling og oppmålingsforretning av:	Sakstype III (Matrikelova)	<input type="checkbox"/> Grensejustering (matrikkelforskr. § 34)
	<input type="checkbox"/> Ny grunneigedom <input type="checkbox"/> Anleggseigedom <input checked="" type="checkbox"/> Anna: (spesifiser) <u>Tilleggsareal</u> <input type="checkbox"/> Arealoverføring (hugs skjema: Erklæring om arealoverføring.) <input type="checkbox"/> Oppretting av festetomt <input type="checkbox"/> Oppretting av punktfeste <input type="checkbox"/> Anna: (spesifiser) _____ <input type="checkbox"/> Dispensasjon (disp.søknad skal grunngjevast, eige ark/skjema)		<input type="checkbox"/> Klarlegging av eksisterande grenser (matnkkelforskr. § 36) <input type="checkbox"/> Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn (matnkkelforskr §31) <input type="checkbox"/> Registering av uregistrert jordsameige (matnkkelforskr. § 32) <input type="checkbox"/> Uteareal til eigarseksjon (jf Eigarseksjon § 7, matrikkelforskr § 35)

Etter valt sakstype D, gå til punkt 10.

4. Parsellen(ane) skal nyttast til:

Parsell nr:	Areal (ca areal)	Formål (bustad, fritid, næring, anna)	Sjølvtendig brukseining	Tilleggsarsell	Tilleggsarsell til gnr./bnr.	
1	9100	m ²	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
2		m ²	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
3		m ²	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
4		m ²	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
5		m ²	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
6		m ²	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.

5. Arealdisponering

- Kommuneplan Kommunedelplan Reguleringsplan(område/detalj) Bebyggelsesplan

Namn på plan:

Vis utrekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for ny parsell

Vis utrekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for restparsell

6. Rasfare, flaum, grunn- og miljøtilhøve.

Ligg det føre tilstrekkelig tryggleik mot rasfare, flaum, grunntilhøve og miljøtilhøve? Jf. pbl § 68.

Ja Nei (Viss nei, må kompensierende tiltak forklarast i eige vedlegg.)

7. Avstandar

Går det høgspant krafllinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta? Nei

Ja, avstand: m

Dersom ja, må ein leggje ved ei nærare utgreiing/avklaring med leiðningseigar om dette

Går det priv/off.vass og avløpsledning i eller i nærleiken av tomta? Nei

Ja, avstand: m

8. Tilkomst - jf. pbl § 66 nr. 1 og veglova §§ 40-43

Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå?

Riksveg Fylkesveg Kommunal veg Privat veg

Ny avkøyrslø eller utvida bruk av eksisterande?

Ny avkøyrslø frå offentleg veg (avkøyrslø og ny veg skal visast på situasjonskartet)

Utvida bruk av eksisterande avkøyrslø

Dersom delinga føreset vegrett over privat grunn, må dokumentasjon om dette leggst ved.

Er løyve til avkøyrslø gitt? Ja Nei

9. Vassforsyning/avløp - jf. pbl §§ 65 og 66

Offentleg vassverk: Ja Nei

Offentleg avløpsanlegg: Ja Nei

Privat vassverk: Ja Nei

Privat avløpsanlegg: Ja Nei

Viss privat felles løysing må løyve for tilknytning og naudsynt vedlikehald på anlegget leggst ved.

Dersom det ikkje tidlegare er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggst ved denne søknaden.

10. Vedlegg

Vedl. nr.: Forklaring

___ Utvida liste over heimshavar/revirentliste

___ Kart/situasjonsplan

___ Fråsegn, samtykkje, løyve

Legg ved evt. tilleggsopplysningar som kan opplyse saka.

___ Gjenpart av nabovarsel

___ Private bruksrettar (servituttar)

___ Dispensasjonssøknad

___ Andre vedlegg:

11. Andre opplysningar

12. Underskrift av heimshavar/revirent

Dato 25.05.2014 Rekvierten sitt namn (med blokkbokstavar)

Rekvierten si underskrift

Adresse

Øvre 16

Postnr/stad

7010 Volda

E-postadresse

Telefon

958 10 916

13. Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av

Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fyllt ut, vil faktura verte sendt revirent)


Dato 26.05.2014 Betalar sitt namn med blokkbokstavar

Betalar si underskrift

SVEIN AAM

Postnr/stad

660 VOLDA



VEDLEGG 2



Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE	
RÅDMANNEN	
2014/956	Saksbeh. HK
- 7 JULI 2014	
60/4	
3	

Herøy kommune
Frådeling gnr60 bnr4 - tilleggsareal til gnr60 bnr396 - Toralv Rabben
Fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader til søknaden.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Jon Ivar Eikeland
fagsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Søre Sunnmøre landbrukskontor

Saksnr
2014/956

Arkivkode
60/4

Dato
07.08.2014

LANDBRUKSFAGLEG UTTALE - SØKNAD FRÅ TORALV RABBEN OM FRÅDELING FRÅ GNR 60 BNR 4

Samandrag av saka:

Søknaden gjeld frådeling av om lag 2,1 dekar med arealklasse skog og samferdsel (veg). Arealet skal leggjast til nauttomta på gnr 60 bnr 396. Eigedomane ligg i LNF område og det trengs vedtak om deling etter jordlova §12. Arealet som er søkt frådelt er ikkje dyrka eller dyrkbar mark. Det trengs ikkje vedtak om omdisponering etter jordlova.

Saksopplysningar:

Etter opplysningar frå www.skogoglandskap.no har eigedomen følgjande areal: Samla areal på innmark er 3,0 dekar der alt areal er fulldyrka jord. Skogen utgjer 23,3 dekar og anna areal 50,4 dekar. Totalt areal på eigedomen er 76,6 dekar.

Utdrag av § 12 i jordlova – deling.

Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter § 9.

Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.

Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.

Vurdering og konklusjon:

Eigedomen er marginal som sjølvstendig landbrukseigedom. Arealet som er søkt frådelt er marginalt for eigedomen og ei frådeling vil ikkje føre til nokon ulempe for landbruksdrifta i området.

Framlegg til vedtak etter jordlova:

Maritim og teknisk komite gir løyve til frådeling av om lag 2,1 dekar frå gnr 60 bnr 4 som omsøkt, jmf. Jordlova § 12.

Grunngjeving er ut frå at delinga gjeld eit marginalt areal for eigedomen og at det ikkje vil føre til ulempe for landbruket.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg



**OMSØKT
AREAL**

 **HERØY KOMMUNE**
19.06.2014 1:1000
Det kan forekomme feil i kartet




LOKALISERING AV TILTAKET





Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2014/525
		Arkiv:	N63

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
80/14	Maritim og teknisk komite	26.08.2014

MØRENETT AS - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ OPPFØRING AV NY RADIOHYTTE OG MAST PÅ RJÅHORNET PÅ GURKSØYA I HERØY KOMMUNE.

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite vedtek i medhald av PBL § 19-2 at det vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen med sikte på oppføring av ny radiohytte og mast på Rjåhornet på Gurskøya, gnr. 77 bnr. 1, 4 og 5 i Herøy.

Dispensasjonen vert grunngeven med at tiltaket vert vurdert som ei heilt naudsynt oppgradering av eit viktig sambandsanlegg og at det i praksis ikkje vil innebere nokon endra arealbruk for det aktuelle området.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy
Mørenett AS, Langemyra 6, 6150 Ørsta

Vedlegg:

Kopi av dispensasjonssøknad m/vedlegg frå Mørenett AS, datert 17.06.2014.

Kopi av uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 03.07.2014.

Kopi av uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 07.08.2014.

Utsnitt av ortofoto over området, nedfotografert frå M 1:10000.

Utsnitt av kommuneplanen i M 1:30000 med påført lokalisering av tiltaket.

Saksopplysningar:**BAKGRUNN:**

Mørenett AS har med utfylt søknadsskjema, datert 17.06.2014, søkt om dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen med sikte på oppføring av ny radiohytte og mast på Rjåhornet på Gurskøya. Det aktuelle området ligg innanfor fellesutmarka til gnr. 77 bnr. 1, 4 og 5 og grunneigarane har gjeve Mørenett AS fullmakt til å fremje søknaden og stiller seg for øvrig positiv til det omsøkte tiltaket. Søknaden vart sendt på høyring med brev av 19.06.2014. Utanom Møre og Romsdal Fylkeskommune har ein no motteke uttale frå øvrige tilskrivne høyringspartar og saka er med det klar for politisk sluttbehandling.

Fylkeskommunen har gjennom rundskriv tidlegare i år klargjort at det ikkje vil verte gitt uttale i saker dei ikkje har merknader til. Ein legg såleis til grunn at Fylkeskommunen ikkje har merknader til dispensasjonssøknaden.

SØKNADEN OG SØKNADSPROESSEN:

Det aktuelle tiltaket er tenkt lokalisert like i nærleiken av det eksisterande anlegget på Rjåhornet. Som grunngeving viser Mørenett AS til at det eksisterande anlegget no har nådd sin «tekniske levealder» og at det er behov for omfattande vedlikehaldstiltak for å sikre vidare drift. Basert på kost/nytte-vurderingar har dei imidlertid valt å gå for eit nytt anlegg. Ei medverkande årsak til dette er elles ein motteken forespørsel om leige av plass for det nye naudnettet. Med dagens anlegg vil det ikkje vere mogleg å tilby plass til dette. Det ligg føre uttalar frå følgjande høyringsorgan:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 03.07.2014

Fylkesmannen uttalar at han ut frå sine ansvarsområde ikkje har merknader til søknaden.

Uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor av 07.08.2014

Landbrukskontoret uttalar også at dei ut frå sine ansvarsområde ikkje har merknader til søknaden.

Vurdering og konklusjon:

Det omsøkte tiltaket ligg innanfor område som i kommuneplanen er avsett til LNF-formål, noko som inneber krav om dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen. Området er imidlertid gjennom det eksisterande anlegget alt nytta til same formål så i praksis vil ikkje no omsøkte tiltak innebere nokon endra arealbruk. Uttalen frå Landbrukskontoret inneber at det ikkje er behov for å behandle saka i medhald av jordlova.

Den nye radiohytta vil få ein storleik på 19,8 m² og masta vil ha ei høgde på om lag 30 meter. Både hytte og mast vil verte forsvarleg forankra til fjell for å sikre seg mot klimapåkjenningane i området. Grunneigarane har stilt seg positive til tiltaket og ingen av uttaleorgana har noko å merke til søknaden.

Det omsøkte tiltaket vert vurdert som ei heilt naudsynt oppgradering av eit viktig sambandsanlegg. Rådmannen viser ut over dette til at det ikkje er registrert særlege miljøverdiar i området som kan verte skada av tiltaket og tiltaket vert heller ikkje vurdert å kunne resultere i noko uforsvarleg belastning og/eller innebere nokon irreversibel skade på økosystemet i området, jfr. naturmangfaldslova §§ 8-10.

Rådmannen konkluderar med at ein dispensasjon korkje vil tilsidesetje dei omsyn planen (kommuneplanen) er meint å ivareta eller formålsbestemmelsen i lova. Fordelane ved å gi dispensasjon vert såleis vurdert som større enn ulempene.

Konsekvensar for folkehelse:

Etablering av nytt anlegg på Rjåhornet vert ikkje vurdert til å ha særskilde konsekvensar for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Anlegget på Rjåhornet er i dag svært viktig for sambandsberedskapen og vil, med etableringa av det nye naudnettet, verte endå viktigare i tida som kjem.

Konsekvensar for drift:

Det omsøkte tiltaket vert ikkje vurdert til å ha særskilde driftskonsekvensar.

Fosnavåg, 13.08.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten

Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til:
Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Saksnr. i kommunen:

Motteke:

Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).

Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med helmel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom:

Gnr.

77

Bnr.

1 (MFA)

Festnr.

Kort omtale av tiltaket:

Oppsetting av ny radiohytte og mast på Rjåhommet

Plassering tilnærma der dagens hytte og mast står, men det vil vere naudsynt med lokale tilpassingar. Storlukk på hytte 19,8 m² (Sjå vedlegg) med betong søyler evt. ringmur støpt på plass med forankring i fjell, tott 6-8 plet. Byggmateriale på hytte er ikkje avklart. Vil ta høgd for materialkost skal tale høgd klima. Mast, høgd 30 m med fjellforankring, 4 punkt... CC 1.837 x 1.837 m

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

Rjåhommet ligg innanfor område som i kommuneplanen er avsatt til LNF-føremål og ein vil med dette søkje om dispensasjon frå dette arealføremålet. Det er iuhenta fullmakter frå grunneigarar som stiller seg positive til tiltaket (Sjå vedlegg)

Grunngjeving:

Dagens radiohytte og mast har nådd sin tekniske levetid og store vedlikehaldstiltak må gjerast for å sikre sikker drift av radiostasjon. Etter nye vurderingar finn ein det ikkje framtidig å utføre vedlikehald, då både kostnader og effekten av dette ikkje står i forhold til kost/hytte verdi. Naudrettet har kome med ønske om liige av plass i radiostasjon og per idag, er ikkje radiostasjon stor nok til å kunne tilby utligning til naudrettet. Ny radiohytte og mast vil dekkje behovet til Naudrettet.

Varsling av naboar/gjenbuarar (FULLMAKTER)..... vedlegg nr.: 1-3

Eventuelle teikningar, kart etc. vedlegg nr.: 4

Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter vedlegg nr.:

Namn For Tossa ikt

Adresse LANGSHIRA b.

Postnr. 6150

Postadr. ØRSTA

Telefon 70046200

Mobiltilf.

Dato: 17.6.2014

FOR TOSSA IKT, 
signatur

Skru ut


V02.1

Fullmakt

I forbindelse med at Mørenett AS på vegne av Tussa IKT skal sette opp ny radiohytte og mast på Rjåhornet må ein søkje om dispensasjon frå arealforemålet i kommuneplanen. Området/Rjåhornet ligg innanfor område som i kommuneplanen av avsett til LNF-foremål.

Grunneigarane på eigedom gnr. 77 stiller seg positive til etableringa og gjev fullmakt til Mørenett å bygge ny radiohytte og mast på Rjåhornet.

For Grunneigarane:

Ingebjørg Lyster:	gnr. 77 / bnr. 1	dato: 27.05 / 2014	Sign: 
Rolv Bakke:	gnr...../bnr.....	dato:...../2014	Sign:.....
Lars Worren:	gnr...../bnr.....	dato:...../2014	Sign:.....

Fullmakt

I forbindelse med at Mørenett AS på vegne av Tussa IKT skal sette opp ny radiohytte og mast på Rjåhornet må ein søkje om dispensasjon frå arealforemålet i kommuneplanen. Området/Rjåhornet ligg innanfor område som i kommuneplanen av avsett til LNF-foremål.

Grunneigarane på eigedom gnr. 77 stiller seg positive til etabeleringa og gjev fullmakt til Mørenett å bygge ny radiohytte og mast på Rjåhornet.

For Grunneigarane:

Ingebjørg Lyster: gnr...../bnr..... dato:...../2014 Sign:.....

Rolv Bakke: gnr. ⁷⁷...../bnr. ⁴..... dato: ^{6/6}.../2014 Sign: 

Lars Worren: gnr...../bnr..... dato:...../2014 Sign:.....

Mørenett AS	Motteke 26/5-2014
Sak/dok.nr. 14/00835-2	Arkiv TIKT 433
Saksh.: ID	Kopi:
Grad.	U.off.
Vedlegg: <input type="checkbox"/> Arkiv <input type="checkbox"/> Saksh.	

Fullmakt

I forbindelse med at Mørenett AS på vegne av Tussa IKT skal sette opp ny radiohytte og mast på Rjåhornet må ein søkje om dispensasjon frå arealforemålet i kommuneplanen. Området/Rjåhornet ligg innanfor område som i kommuneplanen av avsett til LNF-foremål.

Grunneigarane på eigedom gnr. 77 stiller seg positive til etableringa og gjev fullmakt til Mørenett å bygge ny radiohytte og mast på Rjåhornet.

For Grunneigarane:

Ingebjørg Lyster: gnr...../bnr..... dato:...../2014 Sign:.....

Rolv Bakke: gnr...../bnr..... dato:...../2014 Sign:.....

Lars Worren: gnr. 77/bnr. 5... dato: 23/5/2014 Sign: Lars Worren

Skriver under også på vegne av
Dagrun Kvåle og Arne Jot Worren
som også er medeigarar av gnr 77 bnr 5

5
2007

Situasjon på Rjåhorn


X 474380

Y -16040

Y -16020

Y -16000

X 474360




VARDE
VARDE





SITUASJON RJÅHORN
NY HYTTE OG MAST.

TUSSA ENERGI AS

Hydrerakk	Tejn	LL
1-200	Date	02.12.97

30090 E6-D3






TEGNET AV Johnny Hundsnes	NAMN TUSSA IKT	
GRUNNFLATE 19,8 m ²	TITTEL Radiohytte Råhornet	
Fasade og Plan	STØRRELSE A4	TENG. NR. / FILNAVN RJAFASAD.skd
	MALESTØRRE 1:50	DATE 03.10.13
		ARK 1



✓
IV
H

SNITT Radiohytte



V. 2. 4

A



SNITT A-A

TEGNET AV Johnny Hundsnes	NAVN TUSSA IKT
GRUNNFLATE 19,8 m ²	TITTEL Radiohytte Riåhornet
Plan og Snitt	STØRRELSE FSCM NR. TENG. NR. / FILNAVN A4 HytteRJA.skd
	MÅLSTORREKKE DATO ARK 1:50 03.10.13 1

202. 5



Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RADMANNEN			
Reg nr	2014/525	Saksbeh	HK
7 JULI 2014			
N63			
Ark kode P			
Ark kode S			
J nr	7		
Kassasjon			

Herøy kommune
Oppføring av radiohytte og mast på Rjåhornet på Gurskøya gnr77 bnr1
Mørenett AS
Fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplanen

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader til søknaden.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Jon Ivar Eikeland
fagsjef

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Søre Sunnmøre landbrukskontor

Saksnr
2014/525

Arkivkode
N63

Dato
07.08.2014

LANDBRUKSFAGLEG UTTALE ANG. SØKNAD FRÅ MØRENETT AS

Ut frå våre ansvarsområde har vi ingen merknad til søknaden.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg



77/1,4,5



CA.
PLASSERING

LOKALISERING AV TILTAKET





Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2014/987
		Arkiv:	60/375

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
81/14	Maritim og teknisk komite	26.08.2014

OLAUG JANNE HUSØY OG MAGNUS LILLESTØL 60/375 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ OPPFØRING AV BUSTADHUS.

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen og frå byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL §§ 19-2 og 1-8, med sikte på oppføring av bustadhus på gnr. 60 bnr. 375 på Moltustranda i Herøy. Det vert samstundes gjeve løyve til omdisponering av dyrka jord i medhald av jordlova § 9.

Dispensasjonen vert grunngjeven med at den aktuelle tomte tidlegare er godkjent som byggetomt og at det i området ikkje har skjedd endringar som tilseier noko anna vurdering av saka i dag.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy

Olaug Janne Husøy og Magnus Lillestøl, Munkestranda 51, 6076 Moltustranda

Vedlegg:

Kopi av dispensasjonssøknad m/vedlegg frå Olaug Janne Husøy og Magnus Lillestøl, datert 05.06.2014.

Kopi av uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 04.08.2014.

Kopi av uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, datert 28.07.2014.

Kopi av uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 08.08.2014.

Utsnitt av ortofoto i M 1:1000 som viser omsøkt areal.

Utsnitt av kommuneplanen i M 1:30000 med påført lokalisering av tiltaket.

Saksopplysningar:**BAKGRUNN:**

Olaug Janne Husøy og Magnus Lillestøl har med utfylt søknadsskjema, datert 05.06.2014, søkt om dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen og byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona med sikte på oppføring av eit bustadhus på gnr. 60 bnr. 375 på Moltustranda i Herøy. Søknaden vart sendt på høyring med brev av 20.06.2014. Ein har no motteke uttale frå alle tilskrivne høyringspartar og saka er med det klar for politisk sluttbehandling.

SØKNADEN OG SØKNADSPROSESSEN:

Tomta, som bustadhuset er tenkt oppført på, er på 1018 m² og er lokalisert nord for kommunevegen over Rabben på Moltustranda. Den vart for øvrig frådelt og godkjent som byggetomt på vanlege vilkår (vegtilkomst, avløp m.v.) av teknisk utval den 26.09.95 (TU-sak 87/95). Tomta grensar ikkje til sjøen, men ligg på det næraste om lag 25 meter frå strandlina. Frå før er det oppført fleire bustadhus i det aktuelle området. Det ligg føre uttalar frå følgjande høyringsorgan:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal Fylkeskommune
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 04.08.2014

Fylkesmannen uttalar at han ut frå sine ansvarsområde ikkje har merknader til søknaden.

Uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune av 28.07.2014

Fylkeskommunen opplyser i sin uttale at den aktuelle tomte har lågt potensiale for automatisk freda kulturminne og at dei difor ikkje vil stille krav om arkeologisk registrering. Dei gjer imidlertid på vanleg måte merksam om at dersom tiltakshavar under arbeid skulle kome over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, så pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylkeskommunen for nærare avklaring.

Uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor av 08.08.2014

Landbrukskontoret viser i sin uttale til at den aktuelle tomte tidlegare er frådelt som bustadtomt med eige gards- og bruksnummer (60/375) og at løyve til frådelling etter § 12 i jordlova såleis ikkje er naudsynt. Det vert vidare vist til at eit løyve til omdisponering av dyrka mark berre gjeld for 3 år, men kan for denne konkrete saka ikkje sjå at det har skjedd nokon endra status for arealet som skal bebyggast. Landbrukskontoret konkluderar difor med å tilrå at det vert gjeve løyve til omdisponering etter § 9 i jordlova.

Vurdering og konklusjon:

Det omsøkte tiltaket ligg innanfor område som i kommuneplanen er avsett til LNF-formål, noko som inneber krav om dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen. Med nærleiken til sjøen vil det i tillegg vere behov for å dispensere frå byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona. Tiltaket må ut over dette også behandlast i medhald av jordlova § 9.

Ingen av uttaleorgana har merknader til søknaden. Rådmannen er for øvrig samd med Landbrukskontoret i at det ikkje har skjedd endringar i det aktuelle området som skulle tilseie ei ny vurdering av saka i høve til då den vart frådelt som bustadtomt i 1995. Det vert i denne samanheng også vist til at det ikkje er registrert særlege miljøverdiar i området som kan verte skada av tiltaket og tiltaket vert heller ikkje vurdert å kunne resultere i noko uforsvarleg belastning og/eller innebere nokon irreversibel skade på økosystemet i området, jfr. naturmangfaldslova §§ 8-10.

Rådmannen konkluderar med at ein dispensasjon korkje vil tilsidesetje dei omsyn planen (kommuneplanen) er meint å ivareta eller formålsbestemmelsen i lova. Fordelane ved å gi dispensasjon vert såleis vurdert som større enn ulempene.

Konsekvensar for folkehelse:

Tiltaket vert ikkje vurdert til å ha særskilde konsekvensar for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Tiltaket vert heller ikkje vurdert til å ha særskilde konsekvensar for beredskapen.

Konsekvensar for drift:

Det omsøkte tiltaket vert ikkje vurdert til å ha særskilde driftskonsekvensar.

Fosnavåg, 12.08.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten

Søknad om dispensasjon

AD

Søknaden skal sendast til:
Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Saksnr. i kommunen:

Motteke:

- Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).
 Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom:

Gnr.

60

Bnr.

375

Festenr.

Kort omtale av tiltaket:

Tidlegare fradelte bustadtomt (Tekniskutvalssak 87/95)

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
2014/987	Saksakth <i>HK</i>
18 JUNI 2014	
Ark.kode P	60/375
Ark.kode S	
Jfr	Dok nr. 1
Kassasjon	

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

Plankravet i kommuneplan.
Areal fannmålet i kommuneplan.
Byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona.

Grunngjeving:

Skal til å bygge nytt bolighus på tidlegare fradelte bustadtomt Gnr 60 Bnr 375.

- Varsling av naboar/gjenbuuar vedlegg nr.: _____
 Eventuelle teikningar, kart etc. vedlegg nr.: _____
 Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter vedlegg nr.: _____


Namn Magnus Lillestøl
Olav Janne Husøy Adresse Munkestranda 51.
Postnr. 6076 Postadr. Moltustranda Telefon _____ Mobiltlf. 91130388

Dato: 05.06.2014

Magnus Lillestøl
Olav Janne Husøy
signature

Skriv ut

2





TEKNISK ETAT

SÆRUTSKRIFT

Arkiv: TEK -
Vår ref.: mm
Journal: 95/00782 Dok - 2

Fosnavåg, 28.09.95

Utval	Saksnr	Møtedato	Arkiv
TEKNISK UTVAL	087/95	26.09.95	60/

SØKNAD OM FRÅDELING AV TOMT FRÅ GNR. 60 BNR. 46 I HERØY KOMMUNE
SØKJAR/EIGAR: KJARTAN RABBEN, 6076 MOLDTUSTRANDA.

BOKFØRING I TEKNISK UTVAL

Teknisk sjef si tilråding vart samrøystes vedteken.

Teknisk utval har gjort slikt vedtak:

- A: Etter teknisk utval sitt skjønn ligg omsøkte bustadtomt i område som kjem under unntaksreglane i bygge- og deleforbodet i Pbl. § 17-2.
- B: Teknisk utval (byggningsrådet) viser til reglane i plan- og bygningslova og delingslova, og gjev løyve til frådeling av ei bustadtomt frå gnr. 60 bnr. 46 i Herøy kommune, slik som omsøkt og vist på kart, datert 17.juli,1995.

Frådelingsløyve er elles gjeve på følgjande vilkår:

- 1: Kloakkavløpet frå tomta(huset) kan som ei mellombels løysing førast over 3-kammers slamavskillar med eit minste våtvolum på 4 kbm. før avløpet vert ført vidare i lukka rørledning til sjøen til min. 2 meter under lavaste lavvatn.

Kloakkavløpet må seinare tilknyttast kommunal kloakk når denne vert utbygt i området her.

Kommuneoverlegen får melding om dette løyvet.

- 3: Plassering og utforming av avkjørsel frå kommunevegen, skal skje i samråd med teknisk sjef, og avkjørselsløyve etter veglova vert gjeve på dette grunnlag.
Der avkjørsla går over vegggrøft, skal det under avkjørsla leggest rør som sikrar at grøftevatnet får renne uhindra.
Minste diameter på slike rør skal vere 200 mm.

Avkjørsel skal utformast slik at den ikkje vert til ulempe for vegvedlikehaldet. Den må difor utflatast i 2 meters lengde frå vegkanten, og ha eit fall på omlag 5 cm frå denne.

Teknisk sjef kan i særlege høve fråvike sistnemnde krav.

Avkjørsel som vert bygt eller nytta i strid med det løyve som vegstyresmaktene har gjeve, kan verte stengt, endra eller flytta på den ansvarlege sin kostnad.

Jfr. veglova m/forskrifter.

- 4: Før tomta kan bebyggast, må teikningar og byggemelding vere godkjent av bygningsstyresmaktene, og turvande løyve gjeve.

Saka vert sendt:

Kjartan Rabben, 6076 Moldtustranda, til vitande.
Kristin Rabben, 6076 Moldtustranda, til vitande.

Fosnavåg, den 04.10.95


Berit Berge Skjelsvik

Kommune
 1515
 HERØY

MALEBREV uten grensejustering med grensejustering

Jær.
 Målebrev nr. 93/95
 Evt. mib. forretning, dato, refer.

Målebrev over

Eiendom	Gnr.	Bnr.	Festem.
	60	375	
Bruksnavn/adresse 6076. Moltustranda.			
Areal	1018.0		m ²

Dagbokstempel
REGISTRERT
 SØRE SUNNMØRE
 SORENSKRIVAREMBETE
 23 NOV 1995
 DAGBOKNR. 4971

I samsvar med delingslova av 23.juni 1978 er det halde følgende forretning

Dato for forretnings	13.10.95.
Rekvirent	Kjartan Rabben
Styrer	Asbjørn Moltumyr
Forretning	Kart og delingsforretning over ein pars. av gnr 60 bnr 46 1 Herøy kommune. Tilstades var: Kjartan Rabben.

Underskrift

Sted	Dato	Underskrift	Underskrift
Fosnavåg	02/11-1995	Hallvard Rusten Hallvard Rusten	Asbjørn Moltumyr Asbjørn Moltumyr

Tinglysing

Dagbokstempel	Tinglystingsstempel

Påteikningar (rettingar o.l.)



Rett kopi bekrefes
 H. Fredrikzen



Doknr: 4971 Tinglyst: 23.11.1995 Emb. 057
 STATENS KARTVERK FAST EIENDOM

Brn. 60	Brn. 375	Festnr.
Representasjonspunkt		
X 478835.	Y -20156.	Z
Kartblad AK100-1-15		Landsnett X Lokalt nett
Målestokk 1 : 1000.	Areal 1018.0 m ²	

MALEBREVKART

Jnr.
Målebrev nr. 93/95

Punkt	Merking	X-koord.	Y-koord.	Lengde	Radius
A	sm.	478822.95	-20173.58	.45	
B	steing.	478823.04	-20174.02	35.54	
C	steing.	478857.82	-20166.69	12.48	
D	steing.	478852.74	-20155.29	10.13	
E	steing.	478847.56	-20146.59	11.57	
F	steing.	478840.09	-20137.75	.58	
G	jernb.	478839.56	-20137.97	24.49	
H	gm. jord	478815.36	-20141.73	32.74	

N




478800.

478800.

-20200.

-20100.






Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
fagsjef Jon Ivar Eikeland, 71258468

Vår dato
04.08.2014
Dykkar dato
20.06.2014

Vår ref.
2014/4179/JOEI/421.3
Dykkar ref.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr.	Saksbeh.
- 6 AUG. 2014	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Herøy kommune
Oppføring av bustadhus gnr60 bnr375 - Olaug Janne Husby og Magnus Lillestøl
Fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplanen

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader til søknaden.

Med helsing

Şveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Jon Ivar Eikeland
fagsjef

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt


Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

url

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr.	Saksbeh.
- 4 AUG. 2014	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2014/987	20.06.2014	49612/2014/DISPENSASJON/1515	Kristoffer Dahle, 71 25 89 03	28.07.2014

Herøy kommune - oppføring bustadhus gbnr 60/375 - Olaug Janne Husøy og Magnus Lillestøl - dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8 - kulturminnefagleg uttale

Vi viser til dykkar høyringsbrev, datert 20.06.2014, vedrørande søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på oppføring av bustadhus på gbnr 60/375.

Vi vurderer tomta til å ha lågt potensial for funn av automatisk freda kulturminne, og vil følgeleg ikkje stille krav om arkeologisk registrering. Vi gjer likevel oppmerksom på at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, som til dømes flint, steinformasjonar eller kolførekomstar, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylket for avklaring jfr kulturminnelova § 8 andre ledd.

Med helsing

FOR

Bjørn Ringstad
fylkeskonservator

Kristoffer Dahle
arkeolog



NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Søre Sunnmøre landbrukskontor

Saksnr
2014/987

Arkivkode
60/375

Dato
08.08.2014

LANDBRUKSFAGLEG UTTALE TIL SØKNAD FRÅ OLAUG JANNE HUSØY OG MAGNUS LILLESTØL PÅ OPPFØRING AV BUSTADHUS PÅ 60/375

Samandrag av saka:

Søknaden gjeld oppføring av bustadhus på gnr 60 bnr 375. Området er avsett til LNF-føremål. Arealet det skal byggast på er dyrka mark med arealklasse overflatedyrka jord og det trengs vedtak om omdisponering av dyrka mark etter jordlova §9. Det trengs og vurdering av om gnr 60 bnr 375 og gnr 60 bnr 46 er ei driftseining då matrikkeleiningane er på same eigarhand.

Saksopplysningar:

Gnr 60 bnr 375 vart oppretta etter vedtak i sak 47 i møte den 30.08.1995 i Landbruksnemnda i Herøy. Vedtaket gjaldt frådelling av areal til bustadføremål og omdisponering av dyrka mark. 60/375 vart overført til ny heimelshavar, men arealet vart ikkje bygd på.

Løyve til omdisponering av dyrka mark fell vekk viss ikkje det er sett i gang arbeid med å nytte jorda til nytt føremål innan 3 år etter at løyve er gitt. Det trengs difor nytt vedtak om omdisponering av dyrka mark, jf. Jordlova §9 i denne saka.

Vurderingsgrunnlag i saka:

Søknaden er vurdert etter § 9 i Jordlova; bruk av dyrka og dyrkbar jord.

"Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida. Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika. Ved avgjer skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gi...."

Husøy og Lillestøl tok over gnr 60 bnr 375 den 16.09.2013 frå Kristin Rabben. Gnr 60 bnr 46 tok dei over den 18.11.2013 frå Kjartan Rabben. I følgje Jordlova vert ulike matrikkeleiningar på same eigarhand rekna som ein eigedom viss dei og kan reknas som ei driftseining. Det finns likevel eit unntak frå regelen som er avgjerande i denne saka. Når frådelt areal er skilt ut frå den eigedomen som no har kome på same eigarhand igjen, så gjeld framleis frådelingsvedtaket. Det betyr at 60/375 og 60/46 er å sjå på som to sjølvstendige einingar. Handsaming av søknaden som gjeld gnr 60 bnr 375 kan difor handsamast sjølvstendig.

Etter opplysningar frå www.skogoglandskap.no har gnr 60 bnr 375 følgjande areal: 0,9 dekar overflatedyrka jord og 0,1 dekar skog. Totalt areal er 1 dekar.

Vurdering og konklusjon:

Det vart gitt løyve til frådeling frå gnr 40 bnr 46 og omdisponering av dyrka mark i 1995. Frådelinga vart utførd og tomta fekk gnr 40 bnr 375. Sjølv om 40/375 og 40/46 no er på same eigarhand og kan reknast som ei driftseining gjeld frådelingsløyve frå 1995 og søknaden som gjeld 40/375 kan handsamast som eiga sak.


Løyve til omdisponering er berre gjeldande i 3 år. Vi kan ikkje sjå at det er endra status for arealet som er tenkt bygd på og vi rå til at det vert gitt løyve til omdisponering av 0,9 dekar overflatedyrka jord i samsvar med §9 i Jordlova.

Framlegg til vedtak etter jordlova:

Maritim og teknisk komite gir løyve til omdisponering av om lag 0,9 dekar på gnr 60 bnr 375 som omsøkt, jf. Jordlova § 9. Arealet skal nyttast til bustadføremål. Grunngeving er ut frå at det vart gitt løyve til omdisponering av arealet i 1995 og at området har same status som då det vart gitt løyve sist.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg




OMSØKT
TOMT

 **HERØY KOMMUNE**
20.06.2014 1:1000
Det kan forekomme feil i kartet




LOKALISERING AV TILTAKET





Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	EFLÅ	Arkivsaknr:	2014/659
		Arkiv:	64/6

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
82/14	Maritim og teknisk komite	26.08.2014

PER HUSHOLM - 64/6 - DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANENS AREALDEL OG PBL § 1-8, TILTAK I LNF OMRÅDE OG I 100-METERSBELTET LANGS SJØ.

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite vedtek at det med heimel i PBL § 19-2 vert gitt midlertidig dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplan og frå pbl §1-8, tiltak i 100-meters beltet for midlertidig etablering av flytebrygge knytt til eigedomen gnr 64, bnr 6 på Flåvær. Flytebrygga kan etablerast midlertidig med ei varigheit på 5 år. Tiltaket må omsøkast på nytt etter 5 år.

Dispensasjonen er grunngjeven med at tiltaket er midlertidig, med ei varigheit på 5 år. Tiltaket vil ikkje påverke sjøferdselen i området og er såleis ikkje i konflikt med hamne -og farvasslova. Vidare er det allereie etablert liknade tiltak i nærleiken. Tiltaket vil heller ikkje gå ut over naturmangfaldet på staden.

Ein Gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Per Husholm, Øvre Myklebust 24, 6092 Fosnavåg
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
Herøy kommune, Anlegg- og driftsavdelinga, her

Vedlegg:

- 1 01 Søknad
- 2 02 Høringsbrev
- 3 03 Uttale frå AD
- 4 04 Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune
- 5 05 Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- 6 06 Kart / teikningar

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

Per Husholm har søkt om å få legge ut flytebrygge knytt til kaia si på eigedomen gnr 64, bnr 6. Omsøkt flytebrygge er tenkt plassert slik at det vil verte lettare å kome til og frå eigedomen i båt. Flytebrygga sin storleik er 3 m breid og 8 m lang + landgang.

Tiltaket er plassert i eit LNF- område i kommuneplanens arealdel samt innanfor 100 metersbeltet langs sjø.

Per Husholm har søkt om dispensasjon frå dette.

Søknadsprosessen:

Søknaden er innregistrert 27.03.2014.

Det vart teke mottakskontroll på søknaden og den vart sendt ut på høring til aktuelle høringsinstansar 07.05.2014.

Svarfristen var rett før ferien – tiltakshavar fekk orientering om dette i brev 18.07.2014, der det vart orientert om at saka ikkje vart teken opp til politisk handsaming før etter ferien.

Svarfristen er no ute og det ligg føre uttaler frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune og Herøy kommune v/anlegg og driftsavdelinga.

Uttale frå Anlegg-og driftsavdelinga av 13.05.2014:

Anlegg og driftsavdelinga ser ikkje at det omsøkte tiltaket vil vere i konflikt i høve havne- og farvasslova. Elles ingen merknader til tiltaket.

Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune av 02.06.2014:

Merknaden går på at det bør utarbeidast ein plan for tilkomst til øyene – slik at ikkje opplevinga og miljøet på staden vert øydelagt av mange små tiltak/flytebrygger. Møre og Romsdal fylkeskommune opnar opp for tidsavgrensa løyve/dispensasjon på 5 år.

Bergen Sjøfarstmuseum har ingen merknader til omsøkt flytebrygge, men minner om tiltakshavar sin plikt til å gi melding dersom ein under arbeid med omsøkt tiltak finn kulturminne.

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 28.05.2014:

Etterlyser i sin merknad også ein samla plan for denne type anlegg – altså flytebrygger – slik at ikkje øya sitt miljø og særpreg vert øydelagt av mange små slike flytebrygger. Det må vere samsvar mellom behov og antal brygger i området. Minner også om at tiltaket skal vurderast opp mot dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12, jf § 7.

Vurdering og konklusjon:

Vilkår for å gi dispensasjon:

Kommunen kan med heimel i plan- og bygningsloven § 19-2 gi dispensasjon frå føresegner i lova eller frå arealbruk fastlagt i kommuneplan. Pbl § 19-2 sett to vilkår for dispensasjon.

For det fyrste kan dispensasjon ikkje gis dersom omsyna bak plana eller omsyna bak føresegna det dispenseras i frå blir vesentleg satt til side. Det vil normalt ikkje være høve til å gi dispensasjon når omsyna bak føresegna det søkast dispensasjon frå fortsatt gjer seg gjeldande med styrke.

Det andre vilkåret er at fordelane ved dispensasjonen i tillegg må vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Kommunen må her foreta ei interesseavveging der fordelane med tiltaket vurderas opp mot ulempene.

Etter administrasjonen si vurdering er vilkåra for å gi dispensasjon oppfylt i denne saka. Ein vel likevel å gå for ein midlertidig dispensasjon med variheit på 5 år slik ein kan få høve til å sjå på dette med plan for slike tiltak i området.

Vurdering opp mot naturmangfaldslova:

Flåvær er registrert som eit viktig område for ei rekkje sjø og våtmarksfugl. I denne saka er tiltaket lite og det vert ikkje behov for inngrep utover landfeste inn mot allereie eksisterande kai. Tiltaket vert etablert i nærleiken av sjøbud - ein plass der det er aktivitet og allereie bebygd. Tiltaket vil ikkje påverke naturmiljøet i området. I Naturbasen.no er det også registrert russelærvokssopp på Husholmen – den er ikkje prioritert art. Det er i all hovudsak yngelområde for sjø og våtmarksfugl som er registrert – det er ikkje fastsett nokon spesifikk plassering – området er stort og dekkjer alle dei små øyane kring Flåvær. Omsøkt tiltak vil ikkje ha negative konsekvensar på naturmangfaldet i området.

Samandrag av saka:

Per Husholm har søkt om å legge ut flytebrygge på 3m x 8m knytt til sjøbuda si på Husholmen på Flåvær. Saka er avhengig av dispensasjon før løyve kan gjevast. Dei regionale høyringsinstansane har vore hørte i saka og tiltaket er vurdert opp mot

naturmangfaldslova. Merknadane går i all hovudsak på at det bør lagast ein samla plan for brygger og kaier slik at det ikkje vert avvik mellom antal brygger og det reelle behovet for slike småøyer.

Det vert gjennom høringsuttalane opna opp for midlertidig dispensasjon – 5 år. Etter 5 år må det søkast på nytt og ein har då fått tid til å utarbeide ein plan knytt til slike etableringar.

Ein etablering av flytebrygge vil lette tilkomsten mykje for tiltakshavar og det vert såleis lettare å ta vare på bygga på Husholmen. Tiltaket vert også etablert der det allereie er etablert ei kai - tiltaket legg ikkje beslag på nye uberrørte område eller bidreg til sterkare privatisering av området i strandsona.

Konklusjon:

Ein vurderer det til at omsyna bak plana eller omsyna bak føresegna det vert søkt dispensasjon frå ikkje blir vesentleg satt til side i denne saka. Det er på same tid overvekt av fordelar knytt til omsøkt utlegging av flytebrygge.

Etablering av omsøkt flytebrygge på 3m x 8m vert vurdert å ikkje tilsidesetje omsynet bak plan og føresegner, vidare er det overvekt av fordelar knytt til omsøkt tiltak. Det vert difor gitt midlertidig dispensasjon og løyve til utlegging av omsøkt flytebrygge på gnr 64, bnr 6 – dispensasjonen og løyvet har ein varigheit på 5 år.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Fosnavåg, 11.08.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer

Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til:
Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Saksnr. i kommunen:

Motteke:

Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).

Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom:

Gnr. 64 Bnr. 6

Festenr.

Kort omtale av tiltaket:

Utlegging av ei mindre flytebrygge (omlag 3x8m)
som vert tilknytt eks kai og STØBU.

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

Arealdelen av kommuneplanen -2004 - LNF område

Grunngjeving:

Ei flytebrygge vil vere med å tilrettelegge dette tilkoms-
slik at ein lettare kan frakte til matrell for
nausynt vedlikehald av bygningane på
eigedommen.

Varsling av naboar/gjenbuarar vedlegg nr.:

Eventuelle teikningar, kart etc. vedlegg nr.:

Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter vedlegg nr.:

Namn PER HUSHOLM

Adresse ØVRE MYKLEBUST 24

Postnr. 6092 Postadr. Fosnavåg

Telefon

Mobiltf.

Dato: 11.04.14

Per Husholm
signatur

Skriv ut

Søknad om tillatelse til tiltak uten ansvarsrett
etter plan- og bygningsloven § 20-2



Søkes det om dispensasjon fra plan- og bygningsloven, forskrift eller arealplan? Ja Nei
 Er det behov for tillatelse/samtykke/uttalelse fra annen myndighet? Ja Nei
 Hvis ja, så oppfylles ikke vilkårene for 3 ukers saksbehandling, jf. pbl § 21-7 andre ledd
 Nabovarsling, jf. pbl 21-3, skal være gjennomført før søknaden sendes kommunen. (Blankett 5154, 5155, 5156)
 Foreligger det merknader fra naboer eller gjenboere? Ja Nei Saksbeh. ART
 Hvis nei på alle spørsmålene over, anses tillatelse gitt tre uker etter at fullstendig søknad er mottatt i kommunen

Opplysninger gitt i søknaden eller vedlegg til søknaden vil bli registrert i matrikkelen.

Søknaden gjelder

Eiendom/ byggsted	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr. K01	Bolignr.	Kommune
	64	6					Herøy kommune
Adresse					Postnr.	J.nr.	Poststed
Flåvær					6076	Kassasj	MOLTUSTRANDA

Tiltakets art

Mindre tiltak til bebygd eiendom, pbl § 20-2 bokstav a) og SAK10 § 3-1

Tilbygg < 50 m² Fríttliggende bygning (ikke boligformål) < 70 m² Skilt/reklame (SAK10 § 3-1 d)

Antennesystem (SAK10 § 3-1 e)

Driftsbygning i landbruket med samlet bruksareal (BRA) mindre enn 1000 m², jf. pbl § 20-2 bokstav b) og SAK10 § 3-2

Midlertidig bygning/konstruksjon/anlegg (som ikke skal plasseres for lengre tidsrom enn 2 år)

Bruksendring (fra tilleggsdel til hoveddel innenfor en bruksenhet)

Riving av tiltak som nevnt i SAK10 § 3-1

Annet: Flytebrygge

Planlagt bruk/formål Beskriv

Arealdisponering

Sett kryss for gjeldende plan

Planstatus mv. Arealdel av kommuneplan Reguleringsplan Bebyggelsesplan

Navn på plan

Areal

BYA eksisterende	BYA nytt	Sum BYA	BRA eksisterende	BRA nytt	Sum BRA	Tomteareal
------------------	----------	---------	------------------	----------	---------	------------

Grad av utnytting

Vis beregning av grad av utnytting. Veiledning finnes på www.be.no eller kontakt kommunen

Plassering

Kan høyspent kraftlinje være i konflikt med tiltaket? Ja Nei

Hvis ja, må avklaring med berørt rettighetshaver være dokumentert

Vedlegg nr. Q -

Kan vann og avløpsledninger være i konflikt med tiltaket? Ja Nei

Hvis ja, må avklaring med berørt rettighetshaver være dokumentert

Vedlegg nr. Q -

Avstand

Minste avstand til nabogrense	155	m
Minste avstand til annen bygning	1	m
Minste avstand til midten av vei		m

Dette skal vises på situasjonsplanen

Krav til byggegrunn (pbl § 28-1)		
Flom (TEK10 § 7-2)	Skal byggverket plasseres i flomutsatt område? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja	Vedlegg nr.
Skred (TEK10 § 7-3)	Skal byggverket plasseres i skredutsatt område? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja	Vedlegg nr.
Andre natur- og miljøforhold (pbl § 28-1)	Foreligger det vesentlig ulempe som følge av natur- og miljøforhold? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja Dersom ja, beskriv kompensierende tiltak i vedlegg	Vedlegg nr.

Tilknytning til veg og ledningsnett		
Adkomst vegloven §§ 40-43 pbl § 27-4	Gir tiltaket ny/ændret adkomst <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	Tomta har adkomst til følgende veg som er opparbeidet og åpen for alminnelig ferdsel: <input type="checkbox"/> Riksveg/fylkesveg Er avkjøringsstillatelse gitt? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Kommunal veg Er avkjøringsstillatelse gitt? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Privat veg Er vegrett sikret ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Overvann	Takvann/overvann føres til: <input type="checkbox"/> Avløssystem <input type="checkbox"/> Terreng	
Feltene "Vannforsyning" og "Avløp" skal kun fylles ut dersom søknaden gjelder driftsbygning i landbruket eller midlertidige tiltak		
Vannforsyning pbl §§ 27-1, 27-3	Tilknytning i forhold til tomta <input type="checkbox"/> Offentlig vannverk <input type="checkbox"/> Privat vannverk* <input type="checkbox"/> Annen privat vannforsyning, innlagt vann* <input type="checkbox"/> Annen privat vannforsyning, ikke innlagt vann* Dersom vanntilførsel forutsetter tilknytning til annen privat ledning eller krysser annens grunn, foreligger rettighet ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	* Beskriv Vedlegg nr. Q -
Avløp pbl §§ 27-2, 27-3	Tilknytning i forhold til tomta <input type="checkbox"/> Offentlig avløpsanlegg <input type="checkbox"/> Privat avløpsanlegg Skal det installeres vannklosett? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Foreligger utslippsstillatelse? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Dersom avløpsanlegg forutsetter tilknytning til annen privat ledning eller krysser annens grunn, foreligger rettighet ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Vedlegg nr. Q -

Vedlegg			
Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. fra – til	Ikke relevant
Dispensasjonssøknader/innvilget dispensasjon	B	1 -	<input type="checkbox"/>
Kvittering for nabovarsel/Opplysninger gitt i nabovarsel/nabomerknader/kommentarer til nabomerknader	C	1 - 2	<input type="checkbox"/>
Situasjonsplan/avkjøringsplan	D	1 -	<input type="checkbox"/>
Tegninger plan, snitt, fasade (eksisterende)	E	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Tegninger plan, snitt, fasade (ny)	E	1 -	<input type="checkbox"/>
Uttalelse/vedtak fra annen myndighet SAK10, § 6-2	I	-	<input type="checkbox"/>
Andre vedlegg	Q	-	<input type="checkbox"/>

Erklæring og underskrift		
Tiltakshaver		
Tiltakshaver forplikter seg til å gjennomføre tiltaket iht. plan- og bygningsloven (pbl), byggt teknisk forskrift og gitt tillatelse.		
Navn Per Husholm	Telefon (dagtid) 90865968	Mobiltelefon
Adresse Øvre Myklebust 24	Postnr. 6092	Poststed FOSNAVÅG
Dato 27.03.2014	Underskrift 	
Gjentas med blokkbokstaver PER HUSHOLM	Eventuelt organisasjonsnr.	



«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POST «POSTSTED»
»

Saksnr 2014/659	Arkiv 64/6	Dykkar ref «REF»	Avd /sakshandsamar UTV / EFLÅ	Dato 07.05.2014
--------------------	---------------	---------------------	----------------------------------	--------------------

Per Husholm - 64/6 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel LNF-område og pbl § 1-8, strandsonevernet vedr utlegging av flytebrygge på eigedomen 64/6.

Planstatus:

Omsøkt flytebrygge er tenkt plassert på Husholmen – området er avsett til LNF område i kommuneplanens arealdel (2004). Tiltaket kjem også i konflikt med strandsonevernet , jf PBL §1-8.

Kva føremål vert søkt dispensasjon til:

Utlegging av flytebrygge knytt til eksisterande sjøbud og kai.

Gards- og bruksnummer:

Gnr 64 Bnr 6

Skildring av omsøkte tiltak (volum, utforming, situasjonsskisser):

Flytebrygge med landgang , storleik 3m x 8m.

Andre opplysingar om saka:

Det er pr i dag oppført ei kai ved sjøbuda, slik sett er området i strandsona ikkje uberørt og ei slik flytebrygge vil ikkje, slik kommunen ser, det privatisere område.

Kort vurdering jamfør pbl §19-2, andre ledd :

Utlegging av slik flytebrygge vil lette tilkomsten til sjøbud og bidra til lettare å kunne halde vedlike bygningane på holmen.

Kommunen ber om uttale til saka innan: **07.06.2014**



Vedlegg:

Kopi av tiltakshavar sin søknad og grunngiving med tilhørende vedlegg.
Oversynskart/ortofoto som viser tydelig kvar i kommunen tiltaket er lokalisert

Med helsing

Jarl Martin Møller

Avdelingsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan signaturer.

Eivind Flåskjer

Sakshandsamar

Kopi:

Per Husholm Øvre Myklebust 24 6092 FOSNAVÅG



NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Anlegg- og driftsavdelinga

Saksnr
2014/659

Arkivkode
64/6

Dato
13.05.2014

PER HUSHOLM - 64/6 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ AREALDEL LNF I KOMMUNEPLANEN OG PBL § 1-8, STRANDSONEVERNET I HØVE UTLEGGING AV FLYTEBRYGGE PÅ EIGEDOMEN.

Omsøkt flytebrygge er tenkt plassert på Husholmen. Området er avsett til LNF i kommuneplanen og tiltaket kjem også i konflikt med strandsonevernet PBL § 1-8.

Den omsøkte flytebrygga er 3,0 x 8,0 m og er tenkt knytt til eksisterande sjøbud og kai. Føremålet med tiltaket er å lette tilkomsten til sjøbuda og medverke til lettare å kunne få fram meteriell for vedlikehald av bygningane på holmen.

Anlegg og driftsavdelinga ser ikkje at det omsøkte tiltaket vil vere i konflikt i høve havne- og farvannslova. Ein har for øvrig ingen merknader til søknaden.

Med helsing

Jan Reidar Gjerde



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2014/659	07.05.2014	34946/2014/DISPENSASJON/1515	Toril Moltubakk,71 25 89 28	02.06.2014

Herøy kommune - utlegging av flytebrygge gbnr 64/6 - dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8 - kulturminnefagleg uttale

Flåvær er eit kulturmiljø av regional verdi, med heilskapen i fyret, handelstaden og det godt bevarte skulebygget. Været ligg midt i leia, og verdiane knytt til staden som kulturminne er i nokon grad tatt i bruk i næring, mest til fritidsbruk.

For opplevinga av staden meiner vi det er øydeleggande om der vert lagt ut private flytebryggjer mange stader. Vi har tru på at det er meir framtidsretta å lage ein plan for samla tilkomst på kvar av øyene som treng det. Tiltaket er i seg sjølv lite, men det vert ofte andre mindre tiltak gjort i tilknytting som etter kvart gjer det vanskeleg å gå tilbake på det som er etablert. Vi tilrår difor at det vert stilt krav om ein plan for samla tilkomst til heile Flåvær. Alternativt at det blir gitt ein tidsavgrensa dispensasjon, til dømes 5år, - for å ha tid til utarbeiding av plan, og kort nok tid til at løysinga ikkje vert for etablert.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Dei har gjeve følgjande fråsegn:

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Flåværet gbnr. 64-6 i Herøy kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Tiltaksområde ligg innafor eit prioritert område for marinarkeologi, me kjenner til at det har vore handelsstad og ankringsplass her i eldre tid. I tillegg har me registrert eit forlis i området. Inngrepet er rekna som lite og det er lite sannsynleg at det vil har store negative konsekvensar for eventuelle marine kulturminne.

Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Med helsing

Bjørn Ringstad
fylkeskonservator

Toril Moltubakk
rådgivar kulturvern

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE	
RÅDMANNEN	
Reg nr. 2014/659	Saksbeh. ART
- 2 JUNI 2014	
Ark.kode P 64/6	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 5
Kassasjon	

Herøy kommune**Utlegging av flytebrygge på Husholmen på Flåværet gnr64 bnr6
Fråsegn til dispensasjon frå kommuneplan og pbl § 1-8**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Flåværet er registrert som eit viktig viltområde for ei rekkje sjø- og våtmarksfugl. Ei flytebrygge som omsøkt vil ikkje vere konfliktfylt i høve desse viltinteressene. Vi vil likevel minne om at tiltaket skal vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12, jfr § 7.

Fylkesmannen har ikkje kjennskap til særskilte landskapsregistreringar knytt til Flåværet. Flåværet har som fyrstasjon og gamal handelstad, ein kulturhistorisk verdi, der ein må vere bevisst dei estetiske kvalitetane knytt til kulturmiljøet, jfr plan- og bygningslova § 1-1 og § 1-8 første ledd: «I 100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det tas særleg hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser».

Vi kan forstå behovet for eit moderne, funksjonelt bryggeanlegg som lettar frakt av materiale og verkty for vedlikehald av bygningane, og registrerer at det alt er etablert nokre flytebrygger andre stader på Flåværet. Behovet for fleire flytebrygger bør difor vurderast i høve at det alt er etablert faste brygger/kaier.

Før kommunen gir dispensasjon for flytebrygga, bør ein legge ein samla plan for denne typen anlegg som ivaretar både omsynet til tilkomst og estetikk.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fung. samordnar


Astrid Buset
overingeniør

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.


Per Husholm GBnr. 64/6





SØKND om DISP. FLYTEBEVGG E HUSHOLMEN
aug. plassering Gnr. 64 Bnr. 6





Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	MARVOL	Arkivsaknr:	2014/1170
		Arkiv:	79/83

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
83/14	Maritim og teknisk komite	26.08.2014

ARNFINN SPORSTØL 79/83 - UTLEGGING AV FLYTEBRYGGE

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komité vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 at Arnfinn Sporstøl får løyve til utfylling og etablering av landfeste på gnr 79 bnr 83 i Herøy kommune.

Med heimel i havne- og farvannslova § 27 vert det gjeve løyve til utlegging av flytebrygge med tilhøyrande landgang på gnr 79 bnr 83.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Vedlegg:

- 01 – Søknad om løyve til tiltak
- 02 – Søknad om sjølvbyggeransvar
- 03 – Situasjonsplan

Saksopplysningar:

Arnfinn Sporstøl søker om å få etablere og montere flytebrygge med mål på 3 x 6 meter med tilhøyrande landgang på eigedom 79/83. Han søker om å utføre tiltaket som sjølvbygger etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 jfr byggesaksforskrifta (SAK10) § 6-8.

Tiltaket skal utførast i eit område som er regulert til naustføremål i gjeldande kommuneplans arealdel.

Vurdering og konklusjon:

Det er søkt om etablering/montering og utlegging av flytebrygge i eit område som i dag vert nytta til naustområde, slik det er avsett til i kommuneplanens arealdel. Naustføremål blir og vidareført i justert kommuneplan. Tiltaket er nabovarsla og det har ikkje kome inn merknader til tiltaket. Der ligg flytebrygge og småbåthamn like ved eigedomen, og det er soleis naturleg med bruk av flytebrygge i området.

Utlegging av flytebrygge vil gi lettare tilkomst til og frå sjø, og det vil soleis vere i trå med pbl § 1-8 fjerde ledd, som seier at forbodet i § 1-8 andre ledd ikkje gjeld der kommunen i kommuneplanens arealdel har «tillatt oppføring av nødvendige bygninger, mindre anlegg og opplag som skal tjene til [...] ferdsel til sjøs, jf. § 11-11 nr. 4».

Rådmannen rår MTK til å imøtekomme søknaden om etablering og montering av flytebrygge som sjølvbygger, og gi løyve til utfylling og etablering av landfeste etter pbl § 20-1, og utlegging av flytebrygge med tilhøyrande landgang etter havne- og farvannslova § 27.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Fosnavåg, 06.08.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Marie Frøystad Voldsund

Søknad om tillatelse i ett trinn

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Søknaden gjelder

Vilkårene for 3 ukers saksbehandling, jf. § 21-7 annet ledd, OPPFYLLES. Opplysninger gitt i søknad eller vedlegg til søknaden, herunder oppretting eller endring av matrikkelenhet, vil bli registrert i matrikkelen.

Eiendom/Byggested

Kommune	Gnr.	Bnr.	Adresse
Herøy i Møre og Romsdal	79	83	Kaivegen 20, 6080 GURSKØY

Tiltakets art

Søknadstype	Tiltakstype	Næringsgruppekode	Bygningstypekode	Formål
Ettrinnssøknad	Nytt anlegg	X Bolig	111	bolig

Tiltakshaver

Partstype	Navn	Adresse	Telefon	e-postadresse
privatperson	Arnfinn Sporstøl	Kaivegen 20, 6080 GURSKØY	95709530	arnfinn@sporstol.no

Varsling

Tiltaket krever nabovarsling

Det foreligger ingen merknader fra naboer eller gjenboere

Følgebrev

Søknad omfatter etablering/montering av flytebrygge med max mål 3m x 6m med tilhørende landgang.

Arealdisponering

Planstatus mv.

Type plan	Navn på plan
Kommuneplanenes arealdel	Kommuneplan for Herøy. Datert 30.11.2004

Reguleringsformål
Naust/sjøhus

Tilknytning til veg og ledningsnett

Adkomst

Tiltaket gir ikke ny/endret atkomst.

Løfteinnetninger

Løfteinnetninger

Ikke relevant
Ikke relevant

Vedlegg

Vedleggstype	Gruppe	Beskrivelse av vedlegget	Hvordan oversendes vedlegget?
Situasjonsplan	D	A000 Situasjonsplna. Datert 17.6.14	Ettersendes per post

Søknad om tillatelse i ett trinn

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Merknader fra ByggSøk

Kontroll av vedleggstyper viser at følgende vedlegg mangler:
Søknad om ansvarsrett

Erklæring og signering

Ansvarlig søker bekrefter at hele tiltaket belegges med ansvar, og dekker kravene i henhold til plan- og bygningsloven. En er kjent med reglene om straff og sanksjoner i pbl. Kap. 32 og at det kan medføre reaksjoner dersom det gis uriktige opplysninger

Ansvarlig søker

Dato 11.7.2014

Signatur 

Gjentas med blokkbokstaver

KENTFINN SÆVI

Tiltakshaver

Dato 11.7.2014

Signatur 

Gjentas med blokkbokstaver

KENTFINN SÆVI

Søknad om ansvarsrett for selvbygger

jf plan- og bygningslovens § 20-1 og forskrift om byggesak (SAK10) § 6-8



Søknad om personlig ansvarsrett som selvbygger av egen bolig eller fritidsbolig
Kommunen kan godkjenne person for ansvarsrett som selvbygger av egen bolig eller fritidsbolig, dersom personen sannsynliggjør at arbeidet vil bli utført i samsvar med bestemmelser gitt i eller med hjemmel i plan- og bygningsloven.

Søknaden gjelder

Eiendom/Byggested

Kommune	Gnr.	Bnr.	Adresse
Herøy i Møre og Romsdal	79	83	Kaivegen 20, 6080 GURSKØY

Selvbygger

Navn	Adresse	Telefon	Mobiltelefon	E-post
Arnfinn Sporstøl	Kaivegen 20, 6080 GURSKØY	95709530	95709530	arnfinn@sporstol.no

Kontaktperson	Adresse	Telefon	Mobiltelefon	E-post
Arnfinn Sporstøl	Kaivegen 20, 6080 GURSKØY	95709530	95709530	arnfinn@sporstol.no

Omfang av selvbyggeransvar

Det søkes om selvbyggeransvar for alle funksjoner og ansvarsområder i tiltaket.

Jeg kan sannsynliggjøre nødvendig kompetanse ved:

Egen utdanning og/eller praksis (kurs)

Erklæring og underskrift

Jeg er kjent med reglene om straff og sanksjoner i plan- og bygningsloven kapittel 32, og at det kan medføre reaksjoner dersom det gis uriktige opplysninger.
Jeg erklærer at tiltaket vil bli gjennomført iht. plan- og bygningsloven, herunder byggt teknisk forskrift (TEK10).

Selvbygger

Dato 11.7.2014
Signatur 
Arnfinn Sporstøl



PROSJEKTNUMMER
1324.05

TEGNINGSNUMMER
A000

Arnfinn Sporstøl

Nybygg Leikongkaia

Situasjonsplan

REV	DATO	BESKRIVELSE	SIGN
		MÅLESTOKK 1 : 200	S P O R S T Ø L
		DATO 17.06.2014	



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	EFLÅ	Arkivsaknr:	2014/349
		Arkiv:	79/129

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
84/14	Maritim og teknisk komite	26.08.2014

BØRRE ODDMUND WAAGAN - 79/129 - DISPENSASJON FRÅ PLANKRAV OG FØRESEGNER I KOMMUNEPLANENS AREALDEL VEDR OPPFØRING AV TILBYGG TIL BUSTADHUS

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite vedtek at det med heimel i PBL § 19-2 vert gitt dispensasjon frå plankravet i kommuneplan og dispensasjon frå føresegnene knytt til kommuneplanen: «bygningers plassering, storleik og utforming» oppføring av tilbygg garasjedel med bod, hybel og kontordel over 50m² og med 2 etg. Med bakgrunn i dette godkjenner Maritim og teknisk komite rammeløyve som omsøkt.

Dispensasjonen vert grunngjeven med at tiltaket ikkje vil påverke utviklingsmoglegheitene i området vidare. Omsøkt plassering av tilbygget vil ikkje påverke eksisterande vegareal eller vere til hinder for området elles. Forhold knytt til dispensasjon frå avstandskrava frå Fylkesveg og kommuneveg er gitt, jf brev frå STVV av 28.03.2012 og notat frå AD av 01.06.2012.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak

har kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29

Særutskrift:

Sivilarkitekt MNAL, Magne Bergseth, Sjøgata 5, 6065 Ulsteinvik
Børre Oddmund Waagan, 6080 Gurskøy
Roger S. Kvalsund m fl. 6098 Nerlandsøy
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Vedlegg:

- 1 01 Vedtak i DS-sak 175/12, datert 11.06.2012
- 2 02 Avslag på vedtak i DS-sak 175/12, datert 17.02.2014
- 3 03 Status i saka - brev til Børre Waagan, datert 07.03.2014
- 4 04 Ny rammeløyvesøknad + dispensasjon
- 5 05 Uttale frå Møre og Romsdal fylke, datert 12.06.2014
- 6 06 Uttale frå Statens Vegvesen, datert 28.03.2012
- 7 07 Uttale frå AD, datert 01.06.2012
- 8 08 Merknad til ny rammeløyvesøknad, datert 30.06.2014
- 9 09 Situasjonsskart
- 10 10 Teikningar

Saksopplysningar:

Bakgrunn/søknadsprosessen:

Sivilarkitekt MNAL Magne Bergseth søker på vegne av Børre Oddmund Waagan på nytt om rammeløyve og dispensasjon for oppføring av tilbygg garasjedel med bod , hybel og kontordel til eksisterande eldre bustadhus på gnr 79, bnr 129 i Herøy kommune, innregistrert 14.07.2014.

Tiltaket vart omsøkt første gang 16.08.2011. Det kom då inn 2 merknader frå naboieigedomar til saka. Saka tok lang tid og det vart sett ny saksbehandlar på saka. Saka vart handsama og det vart gjort vedtak i Ds-sak 175/12, datert 11.06.2012.

Dette vedtaket vart påklaga av naboane, jf brev datert 11.07.2012. Saka gjekk til MTK som då heldt fast på vedtaket i Ds-sak 175/12 og vedtaket i rammeløyvet vart ståande og saka vart send til Fylkesmannen for endeleg avgjerd. Saksbehandlingstida hjå Fylkesmannen tok også lang tid og den 21.02.2014 kom svarbrevet frå Fylkesmannen, som då oppheva Herøy kommune sitt vedtak i saka, jf brev datert 21.02.2014.

Alle forhold vart prøvde i saka og det enda med at vedtaket i Ds-sak 175/12 vart oppheva fordi det ikkje var søkt om dispensasjon frå føresegnene i kommuneplanens arealdel – oppføring av garasjebygg større enn 50 m2 og med 2 etg.

Saka vert no fremma på nytt og den er nabovarsla på nytt. Det vert søkt på nytt med same søknad og i tillegg vert det no søkt dispensasjon frå føresegnene i kommuneplanens arealdel som går på storleiken på garasjebygget. Det ligg no føre ein merknad som går på spørsmål om ein vegrett gjennom tunet til Waagan.

Merknaden er innregistret i samband med ny nabovarsling og kjem frå Roger S Kvalsund m fleire – det er ikkje nokon nye element i denne merknaden i forhold til førre behandling – som også er prøvd hjå Fylkesmannen. Det som er positiv er at partane no vil gå i dialog for å finne ei alternativ løysing på denne vegretten gjennom tunet til Waagan. Dette er framleis av privatrettsleg karakter og vedkjem ikkje byggesaka.

Vurdering og konklusjon:

Det er i denne sak søkt om å føre opp tilbygg, ein garasjedel som inneheld, bod, hybel og kontordel. Tilbygget er på 2 etg. og det vert ein svalgang mellom nybygg og det eksisterande bustadhuset på egedomen 79/129.

Omsøkt bygg er tenkt plassert i eit område med plankrav i kommuneplanens arealdel. Plasseringa er også avhengig av dispensasjon frå avstandskravet til Fylkesveg og kommuneveg. Dette er på plass, jf brev frå Statens Vegvesen, datert 28.03.2012 og AD, datert 01.06.2012.

Som det kom fram i Fylkesmannen sin klagebehandling av saka er tiltaket også avhengig av ein dispensasjon frå kommuneplanen sine føresegner knytt til storleik på garasjebygg – dette er det no i ny søknad søkt dispensasjon frå og dermed er søknaden komplett og kan handsamast på nytt.

I Ds-sak 175/12 vart det gitt administrativ dispensasjon frå plankravet. Søknaden er ikkje av prinsipiell karakter og kan såleis handsamast administrativt og i tråd med delegasjonsreglementet. Hovudhensynet bak plankravet er at egedomen skal vurderast i ein større samanheng. Det kan ikkje tillatast eit tiltak som kan vanskeleggjere framtidig reguleringsarbeid. I denne sak er egedomen allereie bebygd med bustadhus og det omsøkte tilbygget med garasjedel er tenkt plassert nær opp til dette. Plasseringa går ikkje på bekostning av og er ikkje til hinder for vidare utvikling/regulering av egedomen. Tiltaket er såleis ikkje i strid med dei hensyn som plankravet skal ivareta.

Når ein ser på tiltakets sin plassering og når det også i tillegg er gitt dispensasjon frå avstandskravet, både frå fylkesveg og kommuneveg, er det klar overvekt av hensyn som talar for å gi dispensasjon frå plankravet som omsøkt.

Det eksisterande huset på egedomen er av eldre årgang. Tiltakshavar ønsker ikkje å berøre huset direkte for å få dekt sine bygningsmessige behov på egedomen. Det er difor utforma eit tilbygg som er knytt til huset med svalgang og inneheld garasjedel i 1 etg og bod, hybel og kontordel i 2 etg. Omsøkt plassering er gjennomtenkt og det er fin kobling mellom gammalt eksisterande bygg og det nye no omsøkte tilbygget. Det ligg føre uttale frå Toril Moltubakk hjå kulturvernseksjonen – Møre og Romsdal fylke, datert 12.06.2014.

Det ligg ikkje føre merknader knytt til byggets sin storleik og utforming.

Oppføring av omsøkt tilbygg/garasjedel vil ikkje på nokon måte sette vesentleg til side omsyna bak plana eller omsyna bak føresegnene som det søkast dispensasjon frå. Oppføring av garasjebygg over 2 etg som inneheld bod, hybel og kontordel bidreg til ei fornuftig og meir konsentrert utbygging på egedomen. Det å samle funksjonane i eit slikt tilbygg vil vere den beste måten å oppnå ønska bygningsmessige behov på egedomen. Garasjen vil ikkje kome i konflikt med forhold på naboeigedomane, som medfører vesentleg ulempe for desse eigedomane. Dersom ein skal flytte garasjen til annan plassering på egedomen, vil dette medføre ulemper for andre forhold på tomta som gjesteparkering, snutilhøve og uteopphaldsareal. Utviklingsleiaren er her av den oppfatning av at omsyna til søkjars ynskjer om plassering av garasjebygget/tilbygget bør tilleggst vekt og at det ikkje er særskilte moment som talar i mot ei slik plassering.

Merknad frå nabo – eigarane av 79/15 og 79/109, datert 30.06.2014:

Roger S Kvalsund m fl. kjem med merknad til ny søknad.

Det ligg føre merknad knytt til vegrett over eigedomen – denne var også handsama i klagesaka og funnen at den ikkje har relevans inn mot byggesaka. Den er av privatrettsleg karakter. No er det også på nytt inn mot ny søknad oppretta dialog mellom partane og dei vil møtast for å diskutere dette. Klagarane har ikkje noko imot bygget , men vil ikkje miste tilkomstretten dei har til nausttomt i området.

Solveig Sætre som kom med merknad til førre søknad har i ikkje kome med merknad til ny søknad.

Konklusjon :

Ein vurderer det til at omsyna bak plana eller omsyn bak føresegna det er søkt dispensasjon frå ikkje blir vesentleg satt til side i denne saka. Det er på same tid klar overvekt av fordelar knytt til omsøkt garasje plassering. Fordelane ved å gi dispensasjon er i dette tilfellet er etter ei samla vurdering klart større enn ulempene.

Maritim og teknisk komite rår til at det kan gjevast dispensasjon som omsøkt frå plankravet og frå føresegnene knytt til kommuneplanens arealdel: «bygningers plassering, storleik og utforming». Med bakgrunn i dette godkjenner Maritim og teknisk komite rammeløyve som omsøkt.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Fosnavåg, 13.08.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer

**HERØY KOMMUNE****UTVIKLINGSAVDELINGA**

Sivilarkitekt MNAL, Magne Bergseth
Sjøgata 5
6065 ULSTEINVIK

Rammeløyve

etter plan- og bygningslova § 20-1

Sakshandsamar:	EFLÅ	Saksnr.	2011/795
Utvalssaksnr:	175/12	Arkiv:	79/129
		Vedtaksdato:	11.06.2012

ENKELTVEDTAK – med klagerett i samsvar med forvaltningslova kap. 6

Børre Oddmunn Waagan - 79/129 - Rammeløyve garasjebygg med bod, hybel og kontordel

Med heimel i Herøy kommune sitt delegasjonsreglement – "Delegasjon til administrasjonen" § 3 pkt. 1, vedteke K-sak 91/02, og intern delegasjon frå rådmannen, vert det gjort slikt

Vedtak:

- A.** Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2, vert det gjeve dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen for rammeløyve, garasjebygg med bod, hybel og kontordel, jfr søknad datert 15.08.2011

Med heimel i veglova § 30, vert det gjeve dispensasjon frå avstandskravet i veglova § 29. Statens Vegvesen har gitt dispensasjon til plassering av garasje 32m frå senterlinje fylkesveg, jfr brev datert 28.03.2012. Herøy kommune, ved Anlegg - og driftsavdelinga har gitt dispensasjon til plassering av garasje 13m frå senterlinje kommuneveg, jfr brev datert 01.06.2012.

- B.** Med heimel i pbl § 21-4 av 27. juni 2008 nr. 71, med tilhøyrande forskrifter og vedtekter godkjenner utviklingsleiaren søknad om rammeløyve til tiltak datert 15.08.2011.
Det vert gjeve rammeløyve til oppføring av garasjebygg med bod, hybel og kontordel som omsøkt og vist på vedlagt situasjonskart og teikningar datert 05.07.2011.

1. Følgjande dokument ligg til grunn for godkjenninga:

- Søknad om dispensasjon og rammeløyvesøknad til tiltak med vedlegg
- Situasjonsplan 1:1000, datert 05.07.2011
- Plan-, snitt- og fasadeteikningar, datert 05.07.2011
- Søknad om ansvarsrett for SØK
- Gjennomføringsplan, datert 15.08.2011

C. Godkjenning av ansvars- og kontrollomfang (jfr. pbl kapittel 23 og SAK kapittel 9 og 14)

Følgjande føretak vert godkjende i samband med denne saka, jf. kap. 9 i byggesaksforskriften (SAK 10) og pbl § 22-3 :

Foretak og organisasjonsnr.	Funksjon (SØK, PRO, UTF, kontroll)	Beskriving av ansvarsområdet (arbeid)	Tiltaks-klasse
Magne Bergseth, Siv.ark MNAL 985332878	SØK	Ansvarleg søkjar for heile tiltaket	1

D. Løyvet er elles gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket må støtte krava i parkeringsvedtektene til Herøy kommune.
2. Tiltaket må stikkast ut(plasserast i terreng) av kvalifisert personell, og måledata oversendast til kommunen.
3. Tiltaket må plasserast i samsvar med gitte dispensasjonar får vegmynde.
4. Før igangsettingsløyve kan gjevast for tiltaket, må det ilag med igangsettingsøknad innleverast søknad om ansvarsrett for PRO og UTF, slik at alle fagområde i prosjektet vert dekt opp med ansvarsrettar.
5. Før igangsettingløyve kan gjevast må det må søkjast om utsleppsløye eller om tilkobling til offentleg sanitæranlegg. Søknad sendast til : Herøy kommune, Anlegg- og driftavdelinga, pb 274, 6099 Fosnavåg.

E. Før bygget kan takast i bruk, må det søkast om ferdigattest / mellombels bruksløyve og søknaden må vere godkjent av kommunen, jfr. pbl §§ 21-9 og 21-10.

1. Komplette og oppdaterte gjennomføringsplan for heile tiltaket.

2. Der tiltaket krev avfallsplan/miljøsaneringsplan, jfr. TEK 10 §§ 9-6 og 9-7, skal dokumentasjon på faktisk disponering av avfall (sluttrapport) leggst ved søknaden om ferdigattest / bruksløyve, jfr. SAK 10 § 8-1.
3. Alle vilkår i høve utsleppsløyve for denne eigedommen skal vere dokumentert stetta i søknad om ferdigattest / mellombels bruksløyve.
4. Ved overlevering til ny eigar skal det følgje FDV-dokumentasjon for bygget, Dette skal gå fram av dokumentasjonen som ligg ved søknad om ferdigattest.

Dette løyvet og dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.



Utviklingsleiar
Jarl Martin Møller



Eivind Flåskjer
Eivind Flåskjer

Adr. Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fåx: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Saksopplysningar:

Tiltak:	Rammeløyve – garasje med bod, hybel og kontordel
Søknadsdato:	16.08.2011
Tiltakshavar:	Børre Waagan
Ansvarleg søkjar:	Magne Bergseth
Naboforhold:	Merknad frå nabo på gnr 79, bnr 15 og gnr 79, bnr 109
Eigedom:	Gnr 79, bnr 129
Planstatus:	Eigedomen er avsett til bustadføremål med plankrav i gjeldande arealdel av kommuneplan.
Parkeringsareal	Tiltaket endrar ikkje på dagens situasjon mht parkering på eigedomen
Plassering: Høgde:	Avstand til nabogrense 23 m. Avstand til veg 13 m. Kote eller gjennomsnittleg terrengnivå - ca kote 12 moh Bygningens høgde og plassering er vurdert som tilfredstillande.
Tilkomst: Avkøyrse:	Eigedomen skal tilknyttast offentleg veg (namn på veg). Avkøyrse skal utformast i tråd med kommunale retningslinjer.
Vatn: Avløp:	Tilknytning for vatn iht avtale med privat vassverk. Tilkopling til offentleg avløpsnett skal skje i tråd med delegert vedtak frå anleggs- og driftsavdelinga.
Estetikk (pbl §§ 28-7, 29-1 til 29-3):	Tiltaket er vurdert til å ha ei tilfredsstillande estetisk utforming. Visuelle verknadar av høgdeplassering er vurdert. Tiltakets plassering i høve omkringliggande bebyggelse og terreng. Støttemurar og vegetasjon etc.
Dispensasjon (pbl § 19-2)	Det er søkt om dispensasjon, jf. pbl § 19-1, frå plankravet i kommuneplanens arealdel. Utviklingsleiaren har gitt administrativ dispensasjon frå plankravet – bygging av garasje som omsøkt går ikkje utover framtidig utnytting av eigedomen. Vidare er det gjeve dispensasjon etter veglova, både vedr avstand til fylkesveg og kommuneveg, jfr brev frå Statens Vegvesen og Anlegg-og driftsavd i Herøy kommune.
Uttale frå andre styresmakter (pbl § 21-5)	Det ligg føre uttale frå Statens Vegvesen vedr dispensasjon frå avstandskravet til fylkesveg brev datert 28.03.2012. Det ligg føre uttaler frå Anlegg- og driftsavdelinga vedr dispensasjon frå avstandskravet til kommuneveg.
Sikkerhet mot natur-påkjenningar (pbl § 28-1)	Det er opplyst frå ansvarleg søkjar at bygningen skal plasserast i område som ikkje er utsefare for flom, skred eller andre natur- og miljøtilhøve.

Merknad 1.

Det ligg føre merknad frå nabo/eigarar av 79/15, og 109, Stig Ove Kvalsund m fl., datert 01.08.2011. Merknaden går i hovudsak ut på følgjande:

- denne merknaden går i all hovudsak på ein hevda vegrett over 79/129

Merknad 2.

Det ligg føre merknad frå nabo/eigar av 79/64, Solveig Sætre, datert 27.07.2011. Merknaden går ut på følgjande:

-denne merknaden går på at ein bør regulere området før ein tillet nye bygg, vidare er garasjen for høg og flytting av innkjøringa på 79/129 vil føre til auka støyplager for 79/64.

Ansvarleg søkjar sine kommentarar til merknader:

-har kommentert merknadane i brev datert 11.08.2011

Kommunen sine kommentarar til merknader:

Merknad 1:

- ein anmodar eigarane av gnr 79, bnr 15, 108, 109 og 129 om å finne fram til ei tenleg løysing ang. denne vegretten og viser såleis til plan- og bygningslova sine reglar § 21-6 – om att privatrettslege tilhøve må ordnast mellom partane.

Merknad 2:

Når det gjeld høgda på omsøkt garasjebygg ligg den lågare enn dei nærliggande husa i området og saman med vegetasjon for øvrig vil garasjebygget ikkje vere dominereande i landskapet.

Grunngjeving for dispensasjon:

Det er i denne sak gitt administrativ dispensasjon ifrå kravet om opparbeiding av reguleringsplan før vidare utbygging. Søknaden frå tiltakshavar vert vurdert til å ikkje vere av prinsipiell karakter og kan såleis handsamast administrativt og i tråd med delegasjonreglementet. Hovudhensynet bak plankravet er at eigedomen skal vurderast i ein større samanheng. Det kan altså ikkje tillatast tiltak som kan vanskeleggjere ei framtidig regulering. I denne konkrete sak er eigedomen allereie bebygd med bolighus og garasjen er tenkt knytt til bolighuset og i nær tilknytning til dette. Plasseringa går ikkje på bekostning av og er ikkje til hinder for vidare utvikling/regulering av eigedomen. Tiltaket vert såleis vurdert å ikkje vere i strid med dei hensyn som plankravet skal ivareta. Slik utviklingsleiaren vurderer tiltaket sin plassering og når det også er gitt dispensasjon frå avstandskravet, både frå fylkesveg og frå kommuneveg, er det klar overvekt av hensyn som talar for å gi dispensasjon får plankravet og godkjenne plasseringa som omsøkt.

Kopi:

Stig Ove Kvalsund, Markaplassen 94, 7054 Ranheim
Solveig Sætre, 6080 Gurskøy

Generelle opplysningar
Bortfall av løyve, jf. plan- og bygningslova § 23-1

Er tiltaket ikkje sett i gong seinast 3 år etter at rammeløyve / igangsetjingsløyve / løyve til tiltak er gjeve, fell løyve bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år.
Føregåande avgjerd gjeld tilsvarande for dispensasjonar. Fristane kan ikkje forlengast.


Vert eit tiltak innstilt i lengre tid enn 3 månader, kan kommunen krevje at stillas og innhegning som støyter mot veg / gate som er open for offentlig trafikk skal fjernast, og at gate og fortau vert rydda og sett i stand.

Vert eit tiltak ståande utan framdrift i lengre tid enn 1 år, skal stillas fjernast og anlegget / tiltaket setjast i slik stand at det verkar minst mogleg til sjenanse for omgjevnadane.
Varer dette lenger enn 2 år, kan kommunen krevje at tiltaket skal fjernast og at tomta / anlegget vert rydda. Ved reparasjon / ombygging, avgjer kommunen i kva for utstrekning byggverket skal først tilbake til sin opphavlege stand.

Løyve til tiltak etter § 20-1 første ledd bokstav m fell bort dersom det ikkje er rekviert oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan tre år etter at løyve vart gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering.

Opplysningar om rett til å klage over forvaltningsvedtak

Klagerett	De har rett til å klage over eit forvaltningsvedtak.
Kven kan De klage til.	Klagen skal stilast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, men sendast til det kommunale organet som har gjort vedtaket. Dersom dette organet ikkje endrar vedtaket som følgje av klagen, vil den bli oversendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd
Fristen til å klage	Klagefristen er 3 veke frå den dagen melding om vedtaket kom fram til Dykk. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklårt for oss om De har klaga i rett tid, ber vi Dykk opplyse når De mottok denne meldinga. Dersom klaga blir send for seint, er det høve til å sjå bort frå ho. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen er ute. Om De har særleg grunn til det, kan De likevel søkje om å få forlenga klagefristen. Årsaka til behovet for forlenga klagefrist bør då oppgjevast.
Rett til å krevje grunngjeving	Dersom De ikkje alt har fått grunngjeving for vedtaket, kan De setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunktet De får grunngjevinga.
Innhaldet i klaga	I klagen skal De skrive kva for eit vedtak De klagar på, og nemne den eller dei endringane som De ønskjer. De bør også grunngi kvifor De klagar, og ta med eventuelle andre opplysningar som kan telje med når ein skal vurdere klagen. Klagen må underskrivast
Utsetjing av vedtak	Sjølv om De har klagerett, kan tiltaket dette vedtaket gjeld vanlegvis setjast i verk straks. De kan søkje om oppsetjande verkknad. Kommunen vil då vurdere om igangsetjing av tiltaket bør utsetjast.
Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing	Med visse avgrensingar har De rett til å sjå saksdokumenta. De må i så fall vende Dykk til det kommunale organet som har sendt denne meldinga. De kan også få nærare rettleiing om klageretten, om korleis De skal gå fram når De klagar, og om reglane for saksbehandlinga elles.
Kostnader ved evt. klagesak	De kan søkje om å få dekt utgiftene til advokathjelp de treng, etter reglane om fritt rettsråd. Det gjeld likevel normalt visse inntekts- og formuegrenser. Fylkesmannskontoret eller vedkommande advokat kan gi nærmare rettleiing. Det er også høve til å krevje dekning for større kostnader i samband med klagesaka, t.d. til advokathjelp. Vert vedtaket endra til fordel for ein part, kan ein også søkje om å få dekkta vesentlege kostnader i samband med saka.
ERLING MAGNE HESTHOLM - 44/108 - DISPENSASJON FRÅ FØREMÅL I KOMMUNEPLAN OG PBL § 1-8, TILTAK I 100-METERSBELTET LANGS SJØEN.

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite vedtek at det med heimel i PBL § 19-2 vert gitt dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplan, det vert gitt dispensasjon frå plankravet knytt til bygging av garasje på omsøkt tomt og dispensasjon frå pbl § 1-8, tiltak i 100-metersbeltet langs sjøen.

Dispensasjonen vert grunngjeven med at tiltaket ikkje vil påverke utviklingsmoglegheitene for området vidare. Omsøkt plassering av garasjen vil ikkje påverke eksisterande vegareal, vere privatiserande i strandsona eller hindre utvikling av nye hyttetomter.

Ein Gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Erling Magne Hestholm, Pettervågen 2, 6090 Fosnavåg
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Vedlegg:

- 1 01 - Søknad om tiltak, datert 07.04.2014
- 2 02 - Høringsbrev, datert 05.05.2014
- 3 03 - Svarbrev frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 30.05.2014
- 4 04 - Svarbrev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 04.06.2014
- 5 05 - Kart/teikningar

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

Erling Magne Hestholm har søkt om å få føre opp garasje på eigedomen sin gnr 44, bnr 108. Omsøkt bygg er tenkt plassert i eit område som er avsett til hytteføremål med plankrav i kommuneplanens arealdel 2004. I tillegg ligg tiltaket innanfor 100 metersbeltet langs sjøen. Bygget er 70m² og er tenkt plassert inn mot fjellhammar.

Søknadsprosessen:

Søknaden er innlevert 07.04.2014. Det vart sendt ut førebels svar i saka den 30.04.2014. I dette brevet vart tiltakshavar gjort merksam på at saka var avhengig av dispensasjonsbehandling og at den skal opp i MTK.

Erling Magne Hestholm supplerte søknaden med bilete og grunngjeving for omsøkt plassering 05.05.2014.

Saka vart sendt på høring til aktuelle regionale høringsinstansar 05.05.2014.

Svarfristen er no ute og det ligg føre uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Søre Sunnmøre Landbrukskontor.

Uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor av 30.05.2014:

Konkluderer i sin uttale at tiltaket ikkje kjem inn under omgrepet Landbruk Pluss. Dei ser på eigedomen som ein fritidseigedom. Søknaden må handsamast etter andre reglar enn Jordlova.

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 04.06.2014:

Har ingen merknader til omsøkt bygg, men påpeikar at sidan tiltaket ligg innanfor 100-metersbeltet langs sjø, må ein også handsame saka som ein dispensasjon frå pbl § 1-8.

Vurdering og konklusjon:

Vilkår for å gi dispensasjon.

Kommunen kan med heimel i plan- og bygningsloven § 19-2 gi dispensasjon frå føresegner i lova eller frå arealbruk fastlagt i kommuneplan. Pbl § 19-2 sett to vilkår for dispensasjon.

For det fyrste kan dispensasjon ikkje gis dersom omsyna bak plana eller omsyna bak føresegna det dispenserast i frå blir vesentleg satt til side. Det vil normalt ikkje være høve til å gi dispensasjon når omsyna bak føresegna det søkast dispensasjon frå fortsatt gjer seg gjeldande med styrke.

Det andre vilkåret er at fordelane ved dispensasjonen i tillegg må vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Kommunen må her foreta ei interesseavveging der fordelane med tiltaket vurderas opp mot ulempene.

Etter administrasjonen si vurdering er vilkåra for å gi dispensasjon fullt ut oppfylt i denne saka.

Samandrag av saka:

Erling Magne Hestholm har søkt om å føre opp ein garasje på 70m² på sin eigedom gnr 44, bnr 108. Omsøkt plassering er avsett til hytteføremål med plankrav i kommuneplanens arealdel.

Tiltakshavar nyttar sitt bygg/eigedom som fritidseigedom og dette er såleis i tråd med føremålet i plan. Til sin fritidseigedom vil han no etablere ein garasje. Garasjen er slik administrasjonen ser det plassert på ein plass der verken eksisterande vegareal vert berørt eller eit slikt bygg vil medføre vanskar for vidare utvikling av hytteområdet. Den ligg på ein skuggefull plass inn mot fjellhammar og legg på ingen måte beslag på attraktiv tomt for hyttebygging. Den er også plassert slik at den er lett tilgjengeleg for å kome til om vinteren når ein skal brøyte vegen.

Garasjebygg som kan tene til oppbevaring av traktor og anna utstyr vil vere eit positivt bygningsmessig supplement til eigedomen og bidra til å ta vare på utstyr.

Omsøkt plassering ligg også innanfor 100-metersbeltet langs sjøen.

Området/eigedomen 44/108 ligg nær sjø i alle retningar. Den plasseringa tiltakshavar har valgt i denne saka vil på ingen måte berøre strandlinja eller påverke tilkomst til strandlinja i området.

Konklusjon:

Ein vurderer det til at omsyna bak plana eller omsyna bak føresegna det er søkt dispensasjon frå ikkje blir vesentleg satt til side i denne saka. Ein vurderer det til at det er ein klar overvekt av fordelar i saka og etablering av garasje på 70 m² kan kunne godkjennast som omsøkt.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Ingen.

Fosnavåg, 23.06.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer



Søknad om tiltak uten ansvarsrett
etter plan- og bygningsloven § 20-2

Oppfylles vilkårene for 3 ukers saksbehandling, jf. § 21-7 andre ledd? Ja Nei

- tiltaket er i samsvar med arealplaner, plan- og bygningsloven med forskrifter
- ikke behov for tillatelse/samtykke/uttalelse fra annen myndighet

Berører tiltaket eksisterende eller fremtidige arbeidsplasser? Ja Nei
Hvis ja, skal samtykke innhentes fra Arbeidstilsynet før igangsetting av tiltaket. Byggblankett 5177 med vedlegg.

Berører tiltaket byggverk oppført før 1850, jf. Kulturminneloven § 25, andre ledd? Ja Nei
Hvis ja, skal uttalelse fra fylkeskommunen foreligge før igangsetting av tiltaket.

Opplysninger gitt i søknaden eller vedlegg til søknaden vil bli registrert i matrikkelen.

Dersom det foreligger merknader fra naboer eller gjenboere, må det foreligge tillatelse fra kommunen før tiltaket igangsettes.

Søknaden gjelder

Eiendom/ byggested	Gnr. 44 Bnr. 108 Festenr. Seksjonsnr. Bygningsnr. Bolignr. Kommune Herøy
	Adresse Hestholmen Postnr. 6080 Poststed Gurskøy

Mindre tiltak til bebyggelse, pbl § 20-2 bokstav a) og SAK10 § 3-1

Tilbygg < 50 m² Frittliggende bygning (ikke boligformål) < 70 m² Antennesystem Skilt/reklame

Driftsbygning i landbruket med samlet bruksareal (BRA) mindre enn 1000 kvm, jf. pbl § 20-2 bokstav b) og SAK10 § 3-2

Midlertidig bygning, konstruksjon eller anlegg, pbl § 20-2 bokstav c) (som ikke skal plasseres for lengre tidsrom enn 2 år)

Bruksendring (fra tilleggsdel til hoveddel og motsatt innenfor en bruksenhet)

Planlagt bruk/formål **Tønder / Redskapsgarasje**

Forhåndskonferanse

Pbl § 21-1 Forhåndskonferanse er avholdt Ja Nei

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN

Dispensasjonssøknad og fravik fra TEK10

Pbl Kap. 19 Det søkes dispensasjon fra bestemmelsene i: (begrunnelse for dispensasjon gis på eget ark) **2014/662** Saksbeh. **CPA**

Plan- og bygningsloven med forskrifter Kommunale vedtekter/forskrifter til pbl Arealplaner Vedloven

Pbl § 31-2 Det søkes om fravik fra TEK for eksisterende byggverk (pbl § 31-2) **Redegjørelse i eget vedlegg**

Arealdisponering

Ark.kode P **44/108**
Ark.kode S
J.nr. **Bebyggelsesplan** Dok.nr **1**
Kassasjon

Planstatus mv.

Sett kryss for gjeldende plan Arealdel av kommuneplan Reguleringsplan

Navn på plan

Reguleringsformål i arealdel av kommuneplan/reguleringsplan/bebyggelsesplan - beskriv

Velg aktuell kolonne iht. beregningsregel angitt i gjeldende plan*

	%-BYA	BYA	%-BRA / %-TU	BRA	U-grad
a. Grad av utnyttning iht. gjeldende plan	%	m ²	%	m ²	
b. Bygeområde/grunneiendom**		m ²		m ²	m ²
c. Ev. areal som trekkes fra iht. beregn.regler	-	m ²	-	m ²	
d. Ev. areal som legges til iht. beregn.regler					+ m ²
e. Beregnet tomteareal (b - c) eller (b + d)	=	m ²	=	m ²	= m ²
f. Beregnet maks. byggeareal iht. plan (jf. a. og e.)	m ² BYA	m ² BYA	m ² BRA	m ² BRA	m ² BTA
g. Areal eksisterende bebyggelse	m ²	m ²	m ²	m ²	m ²
h. Areal ny bebyggelse	+ m ²	+ m ²	+ m ²	+ m ²	+ m ²
i. Parkeringsareal	+ m ²	+ m ²	+ m ²	+ m ²	+ m ²
j. Sum areal	= m ²	= m ²	= m ²	= m ²	= m ²
Beregnet grad av utnyttning (jf. e. og j.)***	%	m ²	%	m ²	

* Skal beregning av utnyttingsgrad skje etter annen regel, beskriv nærmere

** Dersom areal i rad b ikke er fremkommet av målebrev, beskriv nærmere

*** Vis ev. underlag for beregningen av grad av utnyttning i vedlegg

Tilleggsopplysninger om areal på ny bebyggelse

Skjer beregningen ovenfor i m² BRA, oppgi også: Bebyggelse areal: m² BYA Skjer beregningen ovenfor i m² BYA oppgi også: Bruksareal: **70** m² BRA

Er beregningen foretatt i m² BTA, oppgi både bebyggelse areal og bruksareal.

Arealdisponering (forts.)		
Plassering av tiltaket	Kan høyspent kraftlinje være i konflikt med tiltaket? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	Vedlegg nr. Q -
	Hvis ja, må avklaring med berørt rettighetshaver være dokumentert	
	Kan vann og avløpsledninger være i konflikt med tiltaket? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	Vedlegg nr. Q -
	Hvis ja, må avklaring med berørt rettighetshaver være dokumentert	

Tilknytning til veg og ledningsnett		
Adkomst vegloven §§ 40-43 pbl § 27-4	Gir tiltaket endrede avkjøringsforhold? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	Tomta har adkomst til følgende veg som er opparbeidet og åpen for alminnelig ferdsel: <input type="checkbox"/> Riksveg/fylkesveg Er avkjøringsstillatelse gitt? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Kommunal veg Er avkjøringsstillatelse gitt? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input checked="" type="checkbox"/> Privat veg Er vegrett sikret ved tinglyst erklæring? <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Vannforsyning pbl §§ 27-2, 27-3	Tilknytning i forhold til tomta <input type="checkbox"/> Offentlig vannverk <input type="checkbox"/> Privat vannverk <input type="checkbox"/> Annen privat vannforsyning, innlagt vann <input checked="" type="checkbox"/> Annen privat vannforsyning, ikke innlagt vann Dersom vanntilførsel forutsetter tilknytning til annen privat ledning eller krysser annens grunn, foreligger rettighet ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Beskriv <input type="text"/> Vedlegg nr. Q -
Avløp pbl §§ 27-2, 27-3	Tilknytning i forhold til tomta <input type="checkbox"/> Offentlig avløpsanlegg <input type="checkbox"/> Privat avløpsanlegg Skal det installeres vannklosett? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei Foreligger utslippstillatelse? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei Dersom avløpsanlegg forutsetter tilknytning til annen privat ledning eller krysser annens grunn, foreligger rettighet ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Vedlegg nr. Q -
Overvann	Takvann/overvann føres til: <input type="checkbox"/> Avløpssystem <input checked="" type="checkbox"/> Terreng	

Vedlegg			
Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. fra - til	Ikke relevant
Dispensasjonssøknader	B	-	<input type="checkbox"/>
Nabovarsling (gjenpart/nabomerknader/ kommentarer til nabomerknader)	C	-	<input type="checkbox"/>
Situasjonsplan/avkjøringsplan	D	-	<input type="checkbox"/>
Tegninger plan, snitt, fasade (eksisterende)	E	-	<input type="checkbox"/>
Tegninger plan, snitt, fasade (ny)	E	-	<input type="checkbox"/>
Uttalelse/vedtak fra annen offentlig myndighet	I	-	<input type="checkbox"/>
Andre vedlegg	Q	-	<input type="checkbox"/>

Erklæring og underskrift		
Tiltakshaver		
Tiltakshaver forplikter seg til å la gjennomføre tiltaket iht. plan- og bygningsloven (pbl) og byggteknisk forskrift		
Navn <i>Erling Magne Hestholm</i>	Telefon (dagtid)	Mobiletelefon <i>95937622</i>
Adresse <i>Petter Vågen 2.</i>	Postnr. Poststed <i>6090 Fosnavåg</i>	
Dato <i>7/4. -14.</i>	Underskrift <i>Erling M. Hestholm</i>	E-postadresse <i>ehestholm@gmail.com</i>
Gjentas med blokkbokstaver <i>ERLING-MAGNE HESTHOLM.</i>		Eventuelt organisasjonsnr.

Herøy kommune
6090 Fosnavåg.

Fosnavåg 22.03.14.

Vil med dette byggemelde om traktor / redskapsgarasje på min eiendom i Herøy kommune, Hestholmen. Gnr 44 Bnr 108.

Garasjen er tenkt bygget i tre på betongsåle og er på 70m³ Og vil bli trukket så langt inn til fjellhammeren som praktisk mulig. (se kart)

Garasjen vil ikke bli til hinder, sjenanse eller ta fra andre naboer utsikt.

Legger ved en kopi av tomtekart hvor garasjen er inntegnet samt målsatt tegning av garasje. + *bilde*.

Legger også ved kopi av nabovarsel som er ferdig signert.

Noterer også ned min mail adresse og telefon jeg kan treffes på om det skulle være noe.

E-mail adr: ehestholm@gmail.com
Mob.nr: 95937622

Mvh Erling.Magne Hestholm

Erling - M. Hestholm



«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POST «POSTSTED»
»

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2014/662	44/108	«REF»	UTV / EFLÅ	05.05.2014

Erling Magne Hestholm - 44/108 - oppføring av garasjebygg i område avsett til hytteføremål med plankrav i kommuneplanens arealdel.

Planstatus:

Kommuneplanens arealdel 2004 – omsøkt bygg skal ligge i eit område avsett til hytteføremål med plankrav.

Kva føremål vert søkt dispensasjon til:

Oppføring av bygg til garasje/ lager for traktor og landbruksutstyr, knytt til eksistrande gardstun på eigedomen.

Gards- og bruksnummer:

Gnr 44 Bnr 108

Skildring av omsøkte tiltak (volum, utforming, situasjonsskisser):

Garasjebygg med storleik på 70m² – tiltaket er plassert inn mot fjellhammar og vil ikkje påverke utviklingsmoglegheitene for området vidare.

Andre opplysingar om saka:

Tiltakshavar har ikkje søkt dispensasjon , men kommunen vel å sende dette på høring og har i den forbindelse også informert tiltakshavar om status i saka.

Kort vurdering jamfør pbl §19-2, andre ledd :

Omsøkt plassering vil ikkje påverke vegareal eller slik kommunen ser det hindre vidare utvikling av området.

Kommunen ber om uttale til saka innan: **05.06.2014**

Vedlegg:

Kopi av tiltakshavar sin søknad og grunngiving med tilhørende vedlegg.
Oversynskart/ortofoto som viser tydelig kvar i kommunen tiltaket er lokalisert

Med helsing

Jarl Martin Møller

Avdelingsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan signaturer.

Eivind Flåskjer

Sakshandsamar

Kopi:

Erling Magne Hestholm Pettervågen 2 6090 FOSNAVÅG



NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Søre Sunnmøre landbrukskontor

Saksnr
2014/662

Arkivkode
44/108

Dato
30.05.2014

LANDBRUKSFAGLEG UTTALE TIL SØKNAD OM OPPFØRINGA AV GARASJEBYGG FRÅ ERLING MAGNE HESTHOLM - 44/108

Søknaden gjeld oppføring av garasjebygg på 70 m². Søkjar opplyser at garasjen skal nyttast til lager for traktor og landbruksutstyr.

Eigedomen ligg i område som er avsett til hytteføremål med plankrav. Søknaden er difor ikkje vurdert ut frå omgrepet LandbrukPluss som gjeld bygningar som er naudsynt for drifta på bruket. Plasseringa av garasjen kjem ikkje i konflikt med dyrka eller dyrkbar jord. Arealstatus er open grunnlendt fastmark.

Eigedomen har ut frå gardskartet eit samla areal på 10,2 dekar. Arealfordeling: 4,1 dekar produktiv og uproduktiv skog, og 6,1 dekar med anna areal.

Vurdering og konklusjon:

Omsøkt tiltak kjem ikkje inn under omgrepet Landbruk Pluss. Eigedomen må betraktast som ein fritidseigedom. Det er ikkje naudsynt med bygningar knytt til landbruksdrift på eigedomen.

Søknaden må handsamast etter anna lovverk enn Jordlova.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg



Saksbehandlar, innvalstelefon
Overingeniør Astrid Buset, 71 25 85 41

Vår dato
04.06.2014
Dykkar dato
05.05.2014

Vår ref.
2014/3001/ASBU/421.3
Dykkar ref.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Saks nr. 2014/662	Saksbryt. EFA
10 JUNI 2014	
Ark kode P	
Ark kode S	
J nr.	Dok nr.
Kassasjon	

Herøy kommune

Oppføring av garasjebygg i område avsett til hytteforemål - gnr44 bnr108 Fråsegn til dispensasjon frå kommuneplan og pbl § 1-8

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Sidan tiltaket ligg innafør 100-metersbeltet langs sjøen, skal søknaden også handsamast etter plan- og bygningslova sin § 1-8.

Vi har ikkje merknader til at det vert gjeve løyve til garasjebygg som omsøkt. Ideelt sett bør ein søkje å samlokalisere nye bygningar med eksisterande. Utan å ha vore på staden, vil vi tru at dette, på grunn av dei terrengmessige forholda, kanskje vil vere vanskeleg å få til her.

Med helsing


Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fung. samordnar


Astrid Buset
overingeniør

Kopi:



Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.






Plan.




Nol: 1-100

17/3-14 JS



FASADER GARASJE FOR: Erling Hestholm





Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	EFLÅ	Arkivsaknr:	2014/904
		Arkiv:	45/162

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
87/14	Maritim og teknisk komite	26.08.2014

SVEIN HUGÅS - 45/162 - DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSFØRESEGNENE TIL RP7- DRAGSUND - OPPFØRING AV HUS MED 2 ETG. OG PLASSERING AV GARASJEBYGG NÆRMARE VEG ENN REGULERT BYGGELINJE

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite vedtek at det med heimel i PBL § 19-2 vert gitt dispensasjon frå § 10 i reguleringsføresegnene til RP 7 – Dragsund.

Svein Hugås får dispensasjon for å føre opp ein to - mannsbustad i 2 etg og plassere garasjebygg 8,0 m frå senterlinje veg på gnr 45 bnr 162.

Ein Gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Svein Hugås, Slettaveien 2, 6432 Hustad
Per Mulvik as, Holmen 7, 6100 Volda

Vedlegg:

- 1 01 - Svein Hugås, søknad m /dispensasjon, datert 27.05.2014
- 2 02 - Situasjonsskart/plan
- 3 03 - Teikningar av tiltaket

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

Per Mulvik as søker på vegne av Svein Hugås om oppføring av tomannsbustad med tilhørende frittliggende garasjebygg på egedomen 45/162 i Dragsund, Herøy kommune. I den forbindelse vert det søkt om dispensasjon frå reguleringsføresegnene til RP 7 - Dragsund.

Hugås vil føre opp ein tomannsbustad i 2 etg. og plassere delar av garasjebygga nærmare vegen enn regulert byggelinje tilseier. Garasjen vil kome 8,0 m frå senterlinje kommuneveg.

RP 7 - Dragsund gir i sine reguleringsføresegner føringar på antal etg. på bygga. Det kan oppførast frittliggende bustadhus med 1 etg. og der terrenget tillet det kan det også underetg. innreist. jfr § 10 i reg. føresegnene. Omsøkt bygg i denne sak har 2 fulle etg. og plassert på tilnærma flat tomt.

Garasjebygg skal plasserast innanfor regulert byggelinje, men § 13 i reg. føresegnene opnar opp for at plassering 5,0 m (og 3,0m) frå veg kan godkjennast, dersom utkøyringa går parallelt med vegen.

Søknadsprosessen:

Per Mulvik as har på vegne av Svein Hugås søkt gjennom ettrinnsøknad om oppføring av tomannsbustad med 2 etg og frittliggende garasjebygg tilhørende dette bygget. Søknaden er innregistrert 28.05.2014 og besvart med førebels svar den 11.06.2014. Der vart ansvarleg søkjar gjort merksam på at saka må behandlast som dispensasjon frå reguleringsføresegnene i plan og skal til MTK for politisk avgjerd. Dette er lik handsaming i forhold til liknande saker i same felt. Søknaden er utover dette komplett og klar til byggesaksbehandling etter at ein eventuell dispensasjon er gitt i MTK.

Vurdering og konklusjon:

Det er søkt om å bebygge egedomen 45/162 med ein tomannsbustad med frittliggende garasjebygg. Omsøkt bygg har eit relativt moderne formspråk og ligg i etablert /regulert bustadområde. Tiltaket er nabovarsla og det er ikkje kome inn merknader til tiltaket. Det er allereie tidlegare gitt løyve til liknande bygg innanfor same planområde. Tomta er tilnærma flat, til tross for dette vil ikkje gjennomsnittleg gesimshøgde avvike frå reguleringsplanen sine krav.

Når det gjeld plassering av garasjebygg 8,0 m frå senterlinje veg vert dette ikkje vurdert som noko stort avvik då det i reguleringsføresegnene er opna opp for slik plassering, jfr reg. føresegnene § 13 3.ledd. Saka er difor ikkje sendt til høring til anlegg og driftsavdelinga.

Omsøkt bygg, tomannsbustad med 2 etg. og garasjeplassering 8,0 m frå veg er slik adminstrasjonen ser det ikkje til ulempe for nokon av naboeigedomane. Plasseringa på tomta er gjennomtenkt og ivaretek omsyn til parkering, snumoglegheit, leik og uteopphaldsrom på ein god måte. Bygget representerer eit moderne formspråk og bidrar til fleire bustadar i Herøy kommune.

Rådmannen rår MTK til å imøtekomme søknaden om dispensasjon frå § 10 i reguleringsføresegnene i RP7 Dragsund, og gi løyve til oppføring av tomannsbustad med 2. etg på gnr 45, bnr 162 i Herøy kommune.

Konsekvensar for folkehelse:

Tiltaket har ingen vesentlege konsekvensar for folkehelse.

Konsekvensar for beredskap:

Tiltaket har ingen vesentlege konsekvensar for beredskap.

Konsekvensar for drift:

Tiltaket har ingen vesentlege konsekvensar for drift.

Fosnavåg, 20.06.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer



Søknad om tillatelse i ett trinn

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1

Søknaden gjelder

Vilkårene for 3 ukers saksbehandling, jf. § 21-7 annet ledd, oppfylles ikke. Opplysninger gitt i søknad eller vedlegg til søknaden, herunder oppretting eller endring av matrikkelenhet, vil bli registrert i matrikkelen.

Eiendom/Byggested

Kommune	Gnr.	Bnr.	Adresse
Herøy i Møre og Romsdal	45	162	Dragsundflata, 6080 Gurskøy

Tiltakets art

Søknadstype	Tiltakstype	Næringsgruppekode	Bygningstypekode	Formål
Ettrinnsøknad	Nytt bygg - Boligformål	X Bolig	121	bolig garasje

Tiltakshaver

Partstype	Navn	Adresse	Telefon	e-postadresse
privatperson	Svein Hugås	Slettaveien 2, 6433 HUSTAD	97706529	sveinhugas@hotmail.com

Ansvarlig søker

Navn	Organisasjonsnummer	Adresse	Kontaktperson	Telefon	Mobiltelefon
PER MULVIK AS	941987516	Holmen 7, 6100 VOLDA	Mats Hustad	99488735	99488735

e-postadresse
mats@mulvik.no

Varsling

Tiltaket krever nabovarsling

Det foreligger ingen merknader fra naboer eller gjenboere

Følgerev

Det søkastes om å sette opp ein tomannsbolig med to tilhørende garasjer på tomt gnr.45 bnr. 162
Utnyttingsgrad av tomt er ikkje gitt på reguleringsplan eller i føresegnene til reguleringsplan.
Utnyttingsgrad på tomt blir: 31,17 %BYA

Dispensasjonsøknad

Plan-og bygningsloven Kapittel 19

Det søkes dispensasjon fra bestemmelsene i:Arealplaner

Begrunnelse for dispensasjon:

§10: Visar til tidligare praksis der det er gitt løyve til oppføring av hus i 2.etasjer innanfor samme reguleringsplan, og søker dermed om dispensasjon frå §10 i føresegnet om bygging av hus i kun 1.etasje.

§13: Søker om dispensasjon til å bygge garasje nærmare veg en gitt byggegrense på 10m frå senter veg. Garasjene blir plassert parallelt med veg (jf. situasjonsplan) for å utnytte tomta på ein effektiv og god måte.

Arealdisponering

Planstatus mv.

Type plan	Navn på plan
Reguleringsplan	RP7 Dragsund

Reguleringsformål
Bolig

Beregningsregel angitt i gjeldende plan	Grad av utnytting iht. gjeldende plan
%BYA	ikkje gitt%

Søknad om tillatelse i ett trinn

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Tomtearealet

Byggeområde/grunneiendom	819,00 m ²
- Ev. areal som trekkes fra iht. beregningsregler	0,00 m ²
= Beregnet tomteareal	819,00 m ²

Bebyggelsen

Areal eksisterende bebyggelse	0,00 m ²
- Areal som skal rives	0,00 m ²
+ Areal ny bebyggelse	230,30 m ²
+ Parkeringsareal	25,00 m ²
= Sum areal	255,30 m ²

Grad av utnytting

Beregnet grad av utnytting	31,17
----------------------------	-------

Plassering av tiltaket

Høyspent kraftlinje er ikke i konflikt med tiltaket.
Vann og avløpsledninger er ikke i konflikt med tiltaket.

Bygningsopplysninger

	m ² BYA	m ² BRA			Antall bruksenheter		
		Bolig	Annet	I alt	Bolig	Annet	I alt
Eksisterende	0,00	0,00	0,00	0,00	0	0	0
Ny	255,30	227,60	80,00	307,60	2	2	4
Åpne arealer/Enheter som fjernes	25,00	0,00	0,00	0,00	0	0	0
Sum	230,30	227,60	80,00	307,60	2	2	4

Antall etasjer etter at tiltaket er gjennomført: 2

Krav til byggegrunn

Flom

Byggverket skal IKKE plasseres i flomutsatt område

Skred

Byggverket skal IKKE plasseres i skredutsatt område

Andre natur- og miljøforhold (pbl § 28-1)

Det foreligger IKKE fare eller vesentlig ulempe som følge av andre natur- og miljøforhold.

Tilknytning til veg og ledningsnett

Adkomst

Tiltaket gir ny/endret adkomst.

Tomta har adkomst til kommunal veg som er opparbeidet og åpen for alminnelig ferdsel. Avkjørselstillatelse er IKKE gitt.

Søknad om tillatelse i ett trinn

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Vannforsyning

Tomta er tilknyttet offentlig vannverk

Avløp

Tomta er tilknyttet offentlig avløpsanlegg
Ikke relevant

Overvann

Takvann/overvann føres til terreng

Løfteinnretninger

Løfteinnretninger

Det er IKKE løfteinnretninger som omfattes av TEK i bygningen
Det planlegges IKKE en slik innretning

Vedlegg

Vedleggstype	Gruppe	Beskrivelse av vedlegget	Hvordan oversendes vedlegget?
Varsling	C	Opplysninger gitt i nabovarsel	Ettersendes per post
Kviltering for nabovarsel	C		Ettersendes per post
Situasjonsplan	D		Ettersendes per post
Situasjonsplan	D	Snitt A-A	Ettersendes per post
Tegning ny fasade	E		Ettersendes per post
Tegning ny plan	E		Ettersendes per post
Tegning ny snitt	E		Ettersendes per post
Søknad om ansvarsrett	G		Ettersendes per post
Annet	Q	Gjennomføringsplan	Ettersendes per post

Merknader fra ByggSøk

Kontroll av søknaden viser at følgende sider mangler obligatorisk informasjon:
Beskrivelse av tiltak - Bebyggelse - Arealdisponering
Parter - Foretak

Søknad om tillatelse i ett trinn

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Erklæring og signering

Ansvarlig søker bekrefter at hele tiltaket belegges med ansvar, og dekker kravene i henhold til plan- og bygningsloven. En er kjent med reglene om straff og sanksjoner i pbl. Kap. 32 og at det kan medføre reaksjoner dersom det gis uriktige opplysninger

Ansvarlig søker

Dato 27.05.2014

Tiltakshaver

Dato 27/5 2014

Signatur

Mats Hustad
MATS MULVIK A/S
RÅDGIVENDE INGENIØR MNIF

Signatur

Svein Hugas

Gjentas med blokkbokstaver
















BYGNINGSTEKNIKK
VOLDA

MATS HUSTAD


Gjentas med blokkbokstaver

SVEIN HUGAS

Teiknforklaring

-  Bustadbygg
-  Balkong/veranda/terrasse
-  Garasje/carport/bod
-  Keyreveg
-  Gangareal
-  Parkeringsplassar
-  Grennstrukturplan
-  Formålsgrense
-  Byggiegrense (avdigitalisert)
-  Regulert senterlinje (avdigitalisert)
-  Måle-/avstandslinje
-  Teiggrense
-  Eks. overvassleiding
-  Eks. spillvassleiding
-  Eks. vassleiding

Revisjon	Revisjonsnotat	Sign.	Rev. dato
Firma	Firma: Mørk AS Fødselsnr: 70 07 49 90 Adresser: Holmen 7 Postnr./stad: 0100 Volda Org.nr.: 91 187 516	Skr.: Skr.: 70 07 49 90 Måltid: 70 07 49 90 E-post: j@morik.no	
Prosjektnavn: Byggesøknad Svein Hugaås - gbr.45/162 - Herøy			
Oppdragsgiver: Svein Hugaås Slettavegen 2 6433 Hustad			
Prosjekttype: Situasjonsplan 1:200			
Tittel: Situasjonsplan 1:200		Tekna av: BHO	Dato: 20.03.14
Tekningstype: BYGGJEMELDING		Korrektur:	Dato:
Prosjekt nr.: 2084		Tekn. nr.:	Rev.:
Målestokk: 1:200			



Teiknforklaring

- Bustadbygg
- Balkong/veranda/terrasse
- Garasje/carport/bod
- Keyreveg
- Gangareal
- Parkeringsplassar
- Grønnstrukturplan
- Formålsgrense
- Byggjegrænse (avdigitalisert)
- Regulert senterlinje (avdigitalisert)
- Måle-/avstandslinje
- Teiggrense
- Eks. overvassledning
- Eks. spillvassledning
- Eks. vassledning



Revisjon	Revisjonsnotat	Sign.	Rev dato
Firm3			

Firm: For Mulvik AS
 Prosjektleder: Høivolden 7
 Postboksnummer: 6100 Volda
 Postnr./Postboks: 911 987 516
 Org.nr.:

Prosjektnavn: Byggjesøknad Svein Hugaås - gbr.45/162 - Herøy
 Oppdragsnr.: Svein Hugaås
 Slettavegen 2
 6433 Hustad
 Prosjekttype:



Tittel: Situasjonsplan 1:500
 Tekst nr.: 540
 Dato: 20.03.14
 Korte nr.:
 Dato:
 Endringsnr.:

Tekningstype: BYGGJEMELDING	
Prosjekt nr.: 2084	Tekst nr.: 901
Målestokk: 1:500	Rev.:



Fasade mot _____



Fasade mot _____




Fasade mot _____



Fasade mot _____



REV. 25.09.2013
REV. 11.06.2013

<i>Tillakshaver: Svein Huga</i>				
<i>Leverandør:</i>				
<i>Type:</i>	FASADER	DATE	07.09.2012	
<i>Ansvarlig søker og prosjekterende:</i>		REV.1	14.09.2012	
		REV.2	16.07.2012	
		REV.3	07.09.2012	
		SKALA	1 : 100	Tegningnr.
Gnr.	Bnr.			Prosjekt. 39-4v
NB! Tegningen må godkjennes av ansvarlig prosjekterende.				








REV. 25.09.2013

Tiltakshaver: Svein Hugaas				
Leverandor:				
Type:	HOVEDPLAN	DATA:	01.09.2013	
Ansvartig søker og prosjekterende:		REV.1:	14.03.2012	
		REV.2:	16.07.2012	
		REV.3:	11.06.2013	Tegninger:
		SKALA:	1:100	Prosjekt: 394 v
NB! Tegningen må godkjennes av ansvarlig prosjekterende.				



GRUNNFLATE	(M ²)	132,3
BEBYGD AREAL	(M ²)	162,6

Tiltakshaver: Svein Huga		REV. 25.09. 2013	
Leverandor:		REV. 11.06. 2013	
Type:	PLAN/SNITT	DATA 01.09.2012	
Ansvartlig søker og prosjekterende:		REV.1 14.09.2012	
		REV.2 16.07.2012	
		REV.3 07.09.2012	Tegning:
		SKALA 1:100	Prisjyr. 394 v
NB! Tegningen må godkjennes av ansvarlig prosjekterende			



GRUNNFLATE	(M ²)	42,18
BEBYGD AREAL	(M ²)	42,18

Tillakshaver: Svein Hugås			Kublig Braker Eiergren 3 0260 Økebyr
Leverandør:			
Type:	PLANER/FASADER	DATE 05/03/2014	
Ansvarlig søker og prosjekterende:		REV.1	
		REV.2	
		REV.3	
		SKALA 1 : 100	Tegningens
Cor.	Brer.		Prosjekt 459v
NB: Tegningen må godkjennes av ansvarlig prosjekterende.			

HOH.

50

40

30

20

10

0

EKS. VEKANT
 FORMÅLSGRENSE
 TEIGRENSE
 BYGGJEGRENSE
 TEIGRENSE



PROFIL NR.

28,28

0,00

28,02

28,05

28,51

28,95

TEIINGRUPP:
BYGGJEMELDING

Profilnr.: 2084

Teiingr.: 201

Målestokk: 1:200

Rev: A

A	Garasje	JMO	24.03.14
	Revisjon	Sign.	Rev.dato
Firma			
	Firma:	Per Møvik AS	Sentral: 70 07 49 90
	Adresse:	Per Møviks vei 1	Telefax: 70 07 49 90
	Postboks:	Holmen 7	Mobil: 90 11 48 35
	Postnr./kde:	6100 Volda	E-post: jmg@mulvik.no
	Org.nr.:	941 987 516	
Prosjektnavn:			
Byggesøknad Svein Hugaås - gbr.45/162 - Herøy			
Oppdragsgiver:			
Svein Hugaås			
Slettavegen 2			
6433 Hustad			
Prosjektleder:			
www.mulvik.no			
Tittel:		Teiingr. nr.:	RNO
Snitt A		Dato:	20/03/14
		Kont. nr.:	
		Dato:	
		Erstatningsnr.:	



Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	JRG	Arkivsaknr:	2014/1172
		Arkiv:	Q05

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
88/14	Maritim og teknisk komite	26.08.2014

ASFALTERING AV GRUSVEGAR 2014. PRIORITERING/BRUK AV MIDLAR.

Tilråding frå rådmannen:

1. MTK godkjenner oppsett liste «Asfaltering av grusvegar 2014. Prioritering av strekningar».
2. MTK vedtek at løyvinga på kr 1.000.000,- til asfaltering vert nytta slik det framgår av denne lista.

Særutskrift: Anlegg og driftsavdelinga v/ Jan Reidar Gjerde

- Vedlegg:**
1. Prioritering av asfaltering grusvegar i 2014.
 2. Kartutsnitt over prioriterte vegar
 3. Oversikt over kommunale vegar med grusdekke pr. dato
 4. Grusvegar som ein utfrå kost/nytte vurdering vurderer som uaktuelle å asfaltere.

Bakgrunn:

Det er i budsjettet for 2014 løyvd kr 1.000.000,- til asfaltering av grusvegar. Saka gjeld prioritering/bruken av desse midlane.

Saksopplysningar:

Pr. i dag har knappe 10 km av det kommunale vegnettet grusdekke (jfr. vedlegg nr.3). Ved at grusvegar får fast dekke, vil dagens vedlikehaldsbehov bli redusert. Ressursane som vert frigjort gjennom dette, vil kome vedlikehaldet av det øvrige vegnettet til gode.

Asfaltering av grusvegar (nylegging) er pr. definisjon ei investering. Kostnadene som vedkjem desse arbeida skal følgjeleg vere inklusive meirverdiavgift.

Vurdering og konklusjon:

Mange av grusvegane på det kommunale vegnettet har siste åra fått fast dekke. Utfrå ei kost/nytte vurdering ser ein det som uaktuelt å asfaltere absolutt alle dei kommunale grusvegane.

Jøsokbakken har vore på liste for dekkelegging fleire gonger før og var på godkjent prioriteringsliste i fjor (2013). Midlane rakk då ikkje helt til slik at strekninga måtte utestå. Vi finn det derfor rett at denne vegen får førsteprioritet i år. Det har m.a. vore klager frå SSR om at ein tidvis har hatt vanskar med å ta seg fram på denne strekninga.

Felles for alle strekningar som skal asfalterast, er at det vil vere behov for visse forarbeid. Dette gjeld både ved såkalla nylegging og ved reasfaltering. Desse arbeida vil i tillegg til nødvendig forsterking av svake parti omfatte grøfting, oppgradering av stikkrenner og grusing/oppretting mv. inkl. materialkostnader. Utfrå tilstanden vil dette for enkelte strekningar utgjere ein vesentleg kostnad.

Utfrå ei samla vurdering finn ein å tilrå at løyvinga til asfaltering av grusvegar vert nytta til oppgradering og asfaltering av vegstrekningare som opplista på vedlegg nr.1.

Fosnavåg, 15.07.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann


Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jan Reidar Gjerde


ASFALTERING AV GRUSVEGAR 2014. PRIORITERING AV STREKNINGAR



Vegstrekning	Lengde	Kostnad
Jøsokbakken	950 m	Kr 875.000,-
Lisjebøvegen (Lunåsen)	170m	« 125.000,-
Sum		« 1.000.000,-


15.07.2014



Vesabakken

 **HERØY KOMMUNE**
16.07.2014 1:2500
Det kan forekomme feil i kartet





 **HERØY KOMMUNE**
16.07.2014 1:2000
Det kan forekomme feil i kartet
0 20 40 60 80 m

OVERSIKT OVER ANTALL METER GRUSDEKKER PÅ KOMMUNALE VEGSTREKNINGAR PR.01.07.2014

<u>Gurskøy</u>		
Nygjerde – snuplass, Moltu	600	3,0
Veg i Dragsundet, til sundet	80	3,0
Fv 654 – slamavskillar Dragsund	260	2,5
Veg til/på Hestholmen	625	3,0
Veg rundt Djupvikvatnet	1.250	3,5
Jøsokbakken	655	3,0
Rosskarvegen	2.700	3,0
Hagemannsvegen (arm til Stoksund gml. Ferjekai)	100	5,0
Sum	6.270	
<u>Leinøy</u>		
Fv 654 – Røyra gml. ferjekai	100	4,5
Veg til Sandehamna	510	3,5
Sandevegen (gml. veg til sjøen)	400	3,0
Fv 017 – slamavskillar Frøystadvåg	120	2,5
Sum	1.130	
<u>Bergsøy</u>		
Lisjebøvegen (vegsløyfe om kyrkja)	160	3,5
Elsebøvegen	450	3,5
Sum	610	
<u>Remøy</u>		
Fv 018 – nøre Vaulen	200	3,0
Fv 018 – Remøy hamn	170	3,5
Sum	370	
<u>Nerlandsøy</u>		
Fv 021 – Koparstad steintak	260	2,5
Fv 021 – brua/molo	180	2,5
Sum	440	
<u>Runde</u>		
Fv 018 - Måganaset	1.100	
Sum	1.100	
<u>Totalsum grusdekker</u>		
	9.920	

**OVERSIKT OVER VEGAR MED GRUSDEKKER SOM EIN
UTFRÅ KOST/NYTTE-VURDERING VURDERER SOM
UAKTUELLE Å ASFALTERE.**

<u>Gurskøy</u>		
Nygjerde - snuplass, Moltu	600	3,0
Veg i Dragsundet, til sundet	80	3,0
Fv 654 – slamavskillar Dragsund	260	2,5
Veg til/ på Hestholmen	625	3,0
Veg rundt Djupvikvatnet	1.250	3,5
Rosskarvegen	2.700	3,0
Hagemannsvegen (arm til Stoksund gml. fergekai)	100	5,0
Sum	5.615	
<u>Leinøy</u>		
Fv 654 – Røyra gml. ferjekai	100	4,5
Veg til Sandehamna	510	3,5
Sandevegen (gml. veg til sjøen)	400	3,0
Fv 017 – slamavskillar Frøystadvåg	120	2,5
Sum	1.130	
<u>Remøy</u>		
Fv 018 – nøre Vaulen	200	3,0
Fv 018 – Remøy hamn	170	3,5
Sum	370	
<u>Nerlandsøy</u>		
Fv 021 – Kopparstad steintak	260	2,5
Fv 021 – brua/ molo	180	2,5
Sum	440	
<u>Runde</u>		
Fv 018 – steintak Måganaset	1.100	
Totalsum grusdekker	8.655	



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	JRG	Arkivsaknr:	2014/1173
		Arkiv:	Q05

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
89/14	Maritim og teknisk komite	26.08.2014

REASFALTERING AV KOMMUNALE VEGAR 2014. PRIORITERING/BRUK AV LØYVDE MIDLAR.

Tilråding frå rådmannen:

1. MTK godkjenner oppsett liste «Prioritering for reasfaltering 2014»
2. MTK vedtek at løyvinga på kr 1.000.000,- til reasfaltering vert nytta slik det framgår av denne lista så langt midlane rekker.

Særutskrift: Anlegg og driftsavdeling v/ Jan Reidar Gjerde

- Vedlegg:**
1. Prioriteringsliste reasfaltering 2014
 2. Kartutsnitt over respektive strekningar
 3. Vegstrekningar med behov for snarleg reasfaltering

Vedlegg

- 1 Prioriteringsliste reasfaltering av vegar
- 2 Kartutsnitt prioriterte strekningar
- 3 Strekningar som treng dekkefornyng innan kort tid

Bakgrunn for saka:

I K-sak 73/14 – Disponering av det rekneskapsmessige mindreforbruket i driftsrekneskapan for 2013 – vart det vedteke å gje ei ekstraløyving til asfaltering/reasfaltering av kommunale vegar på kr 1.000.000,- eks. meirverdiavgift. Denne sak gjeld prioritering og bruk av desse midlane.

Saksopplysningar/vurdering:

Vedlikehald av vegnettet er ein kontinuerleg prosess. Skader i form av krakelering og oppsprekking av dekker aukar raskt i omfang når nedbrytinga først er i gang. Dei asfalterte strekningane av eldre dato har berre 1 lag asfalt. Kombinasjonen ein ofte har med dårleg underlag og for tynt dekke, medfører at asfaltdekket si levetid blir avkorta. Får ein for lange intervall m.o.t. reasfaltering, er konsekvensen at kostnadene til dekkefornyng og oppgradering blir uforholdsmessig store.

Felles for alle strekningane ein skal asfaltere, er at det i forkant er behov for visse forarbeid i form av grøfting, drenering, oppretting mv. Generelt er det ønskjeleg at tildeling av evt. midlar kjem så tidleg på året som muleg då dekkelegging seint på hausten inneber ei viss usikkerheit m.o.t. kulde og frost.

Siste åra har ein ikkje hatt eigne løyvingar til reasfaltering. Det vesle som er gjort av dekkefornyng, er utført ved bruk av driftsmidlar og refererer seg til flatelapping og asfaltering av mindre parti der behovet har vore akutt for å unngå ytterlegare/større skader på eksiterande dekke.

Ein har i dag eit stort etterslep med omsyn til reasfaltering.

Utfrå ei fagleg vurdering meiner ein den ekstra tildelte løyvinga til reasfaltering bør nyttast/prioriterast på dei vegstrekningane som viste på vedlegg nr 1.

Behovet vidare er stort og ein har som eit vedlegg nr 3 lista opp ein del vegstrekningar som heilt eller delvis har behov for snarleg reasfaltering. Prioritering her har ein unnlate å gjere då situasjonen m.o.t. innbyrdes behov kan endre seg frå år til år.

Fosnavåg, 14.07.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann


Jon Rune Våge
Avd.leiar


Sakshandsamar: Jan Reidar Gjerde

PRIORITERING FOR REASFALTERING 2014

Vegstrekning	Lengde	Kostnad
Dragsundvegen	750 m	425.000,-
Kvithaugsmyra - Tofestøvegen	560 m	325.000,-
Mjølstadneset	500 m	250.000,-
Sum		1.000.000,-


14.07.2014





HERØY KOMMUNE
14.07.2014 1:4000
Det kan forekomme feil i kartet

0 50 100 150 m



Mjølstadneset

 **HERØY KOMMUNE**
16.07.2014 1:4000
Det kan forekomme feil i kartet




Vegar som helt eller delvis treng dekkefornying innan kort tid.

Individuell prioritering er ikkje gjort.

Status er klassifisert som må, bør og ønskjeleg.


Klassifiseringa er gjort/basert på ei vurdering av dagens situasjon. Det vil lett kunne skje endringar av dekketilstand mv. m.a. utfrå kva vintrar ein har.

Utan ein viss kontinuitet m.o.t. reasfaltering vil resultatet bli at lista får fleire vegar med klassifisering må samstundes med at det kjem til fleire med vurdering bør

Strekning	Lengde	Klassifisering	Merknader
<u>Gurskøy</u>			
Leikongbakkane	700	bør	
Kleppeåsen	1.450	må	Vesentleg behov for forsterkn.
Nykreimsvegen	250	ønskjeleg	
Djupvikvegen	1.450	må	Behov for forsterkning
Kjeldsundvegen	1.250	bør	
Kalveneset	1.200	bør	Spesielt 600 m lagt i 1998
Stornesvegen	200	bør	Arm i byggefeltet
Prestegardsvegen (Stokksund)	450	bør	
<u>Bergsøy</u>			
Bergslivegen	350	må	
Vegar på Mjølstadneset ind. omr.	1.500	må/bør	
Lisjebøvegen	1.500	bør	
Toftestøvegen	500	bør	
Nørvågvegen	500	må	
Veg til Kleivaneset	150	bør	
<u>Leinøy</u>			
Leine (FV018 – Leine – FV018)	1.400	ønskjeleg	
<u>Nerlandsøy</u>			
Øvre Plassegjerdet (byggefeltet)	250	bør	Kvalsund
Teigenesvegen	400	ønskjeleg	«
Hamnevegen	300	ønskjeleg	Kvalsvik
Nørgardsvegen	400	ønskjeleg	«

Brekkevegen	250	bør	
Mulevikvegen	1.400	ønskjeleg	

18.07.2014



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2014/102
		Arkiv:	60/349

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
90/14	Maritim og teknisk komite	26.08.2014

KLAGE PÅ VEDTAK I MTK-SAK 68/14

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite kan ikkje sjå at klage på vedtak i MTK-sak 68/14, framført av advokat Bjørn Kristian Hove den 10.07.2014, fører med seg ny moment som gir grunnlag for eit endra vedtak i saka.

Klagen vert ikkje teke til følgje.

Klage med tilhøyrande saksdokument vert sendt Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Villa Smolt AS v/ Lennart Lillestøl
Advokat Bjørn Kristian Hove
Bård Gjerde
Noralf Lillestøl
Solfrid Møller
Odd Thorseth

Vedlegg:

- 01 – Vedtak i MTK-sak 68/14 med tilhørende saksdokument, datert 17.06.2014.
- 02 - Klage på vedtak i MTK-sak 68/14, motteke 10.07.2014.
- 03 - Supplement til klage, motteke 15.08.2014

Saksopplysningar:

Saka gjeld klage på vedtak om løyve til oppføring av takoverbygg for oppdrettsanlegg til Villa Smolt AS på eigedom gnr 60 bnr 349 m.fl på Moltustranda i Herøy kommune.

Maritim og teknisk komite i Herøy kommune gjorde slikt vedtak i MTK-sak 68/14;

«1. Maritim- og teknisk komité godkjenner med heimel i plan- og bygningslova PBL § 21-4, søknad om løyve til tiltak etter PBL § 21 — 1.

2. Maritim- og teknisk komité gir, med heimel i plan- og bygningslova § § 21-4 og 20-1 rammeløyve til oppføring av takoverbygg over oppdrettslegget på gnr. 60 bnr. 349 på Moltustranda, på følgjande vilkår:

- **Byggjehøgda vert redusert med 1 m i høve innsendt søknad og teikningar. Maks tillatne gesimshøgde vert sett til 7.8 meter og 6.2 meter målt frå kote +10. 0. m.o.h.**
- **Takoverbygg over oppdrettsanlegget skal ha ein flat konstruksjon.»**

Vedtaket i MTK-sak 68/14 inneberer at kommunen godkjenner tiltaket med ein reduksjon i høgda på 1.0 meter i høve innsendt søknad og at takoverbygget skal ha ei flat konstruksjon.

Ovannemnde vedtak blei påklaga av advokat Bjørn Kristian Hove den 10.07.2014 på vegne av Bård Gjerde (61/3), Noralf Lillestøl (60/266) , Solfrid Møller (60/254) og Odd Thorseth (60/182) – desse vert tverrbuarane ettersom deira eigedomar er lokalisert på motsett side av fylkesveg 10.

Villa Smolt AS sitt oppdrettsanlegg på Moltustranda ligg i eit område som i gjeldande arealdel av kommuneplan (2004) er avsett til avvakultur (A). Det ligg ikkje føre krav i kommuneplanen om at det skal utarbeidast reguleringsplan for området og det ligg heller ikkje føre ein bindande reguleringsplan som regulerer byggjehøgde for dette arealformålet og gjeldande kommuneplan har heller ikkje føresegner som regulerer dette. Det er soleis plan- og bygningslova (PBL) § 29-4 som avgrensar byggjehøgde for gjennomføring av tiltak på denne eigedomen.

Tiltaket som det blei søkt og gitt løyve til, er i samsvar med gjeldande plangrunnlag (arealformål) og har ei lågare byggjehøgde enn dei øvre rammene som regulerer byggjehøgda i plan- og bygningslova § 29-4 – dvs maks. gesimshøgde på 8.0 meter og maks. mønehøgde på 9.0 meter.

Utviklingsleiaren i Herøy kommune har, i delegert sak 244/14 av 14.07.2014, gjeve klagen oppsetjande verknad. Advokatfirma Steenstrup Stordrange har, på vegne av Villa Smolt AS, bede Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjere om kommunen sitt vedtak om oppsetjande verknad etter forvaltningslova § 42.

Klagarane har i samband med mottak av nabovarsel i byggesaka, nytta høvet til å kome med merknader. Desse har blitt kommentert og gjort greie for av sækjar Villa Smolt AS v/ Lennart Lillestøl. Handsaming av desse merknadane går fram av MTK-sak 68/14.

Klagen er framsatt skriftleg, grunngjevne og innanfor lovfesta klagefrist på 3 veker. Partane er vurdert til å ha rettsleg klageinteresse i saka og vilkåra for å behandle dette som ei klagesak er difor oppfylt.

Herøy kommune mottok den 14.08.2014 supplement til tidlegare motteke klage av 10.07.2014.

Vurdering:

Rådmannen vil i den påfølgjande delen av saka skildre og kommentere klagen punktvis, slik den er framstilt frå advokat Bjørn Kristian Hove den 10.07.2014;

1. Bukvalitet og utsiktsforhold:

Klagar viser til at ein kvalitet ved å bu «landleg», slik det vert hevda klagarane her gjer, er ikkje minst utsiktsforhold. For desse aktuelle bustadeigedomane blir det hevda at fjord- og sjøutsikt her er sentral. Det blir hevda at det omsøkte og tillate tiltak vil medføre at samtlege av klagarane sine bustadeigedomar blir fråteke overvegande delar av denne kvaliteten. Den eigedom som vert ramma mest vil frå å vere ein sjørelatert bustadeigedom, framstå totalt "sjøadskilt". Med den skilnaden i terrenghøgde bustadeigedomen har i høve tiltakshavar si tomt, blir det hevda at landbasert akvakulturanlegg fullt ut kan kombinerast med å ivareta klagarane sine utsiktsforhold.

Rådmannen sine vurderingar:

Rådmannen viser til gjeldande offentlege planar for området og at det ikkje ligg føre ein reguleringsplan som seier noko om rammene for utnytting av eigedomen til Villa Smolt AS eller tverrbuarane sine eigedomar. Det er soleis kommuneplanen frå 2004 som fastsett arealbruk og utbyggingsmønster for denne delen av Moltustranda. Unntaket er reguleringsplan for fylkesveg 10 som gjeld vegarealet i området. I den overordna kommuneplanen har ikkje arealformålet «akvakultur» føresegner som regulerer særskilt byggjehøgde for oppføring av bygningar og anlegg på eigedomen. Det er soleis reglane om maksimal byggjehøgde i plan- og bygningslova (PBL) som er gjeldande. Her fastsett plan- og bygningslova reglar for maksimal mønehøgde på 9 meter og gesimshøgde på 8 meter.

Kommunestyret i Herøy kommune har gjennom vedtak av kommuneplanens arealdel frå 2004, bestemt at det skal leggest til rette for akvakultur i området nord for klagar sine eigedomar – dvs på motsett side av fylkesveg 10. Det vil soleis vere kommuneplanen som avgjerd kva som skal definerast som «landleg» i høve bruk av areala i området. For tverrbuarane sin del må desse, av omsyn til det kommunestyret har fastsett av arealbruk for dette området, akseptere at oppdrettsanlegget – innanfor reglane i plan- og bygningslova - får gjennomføre eit tiltak i tråd med overordna kommuneplan og akseptere at det blir søkt og gjennomført byggjetiltak etter reglane i plan- og bygningslova. Tverrbuarane skal i slike saker varslast og har høve til å kome med merknader til byggjeplanane. Desse skal vurderast av ansvarleg sækjar og det er opp til kommunen å avgjerde om desse er tilstrekkeleg vurdert av sækjar.

Rådmannen kan til dels vere samd med klagar i at tverrbuar 60/182 (Odd Thorseth) ikkje vil få dei beste utsiktsforholda til sjø når byggjetiltaket er gjennomført, men sett frå ei anna side ligg eigedomane til tverrbuarane høgare i terrenget enn smoltanlegget og vil framleis ha noko utsikt. Eigedomane som klagar representerer ligg på ulike høgder i terrenget og vil soleis på den måten også ha varierende utsiktsforhold. Det må leggest til at eigedom 60/182 ikkje kan seiast å særskilt sjøutsikt slik situasjonen er i dag og sett i høve dei andre av klagareigedomane. Unntaket frå dette gjeld utsiktsforholda mot sjø i vestleg retning, som også gir eigedomane til klagarane gode forhold i høve kveldssol. I godkjenning av tiltaket med redusert byggjehøgde, la rådmannen vekt på følgjande i saksutgreiinga:

«Rådmannen vil understreke at vilkår om redusert byggjehøgde er grunngeve ut i frå ei heilskapleg vurdering, der omsyn til takkonstruksjonen og bygningskroppen si samla visuelle framtoning i høve omgjevnadane er avgjerande. Etter rådmannen si vurdering vil ein reduksjon i byggjehøgda på 1 meter og val av anna type takkonstruksjon (flatt tak) ikkje medføre særskilte ulemper for verksemda, samstundes som ei slik løysing minskar ulempene for naboane i høve sjøutsikt. «

I behandling av byggesøknaden la ein vedtaket vekt på at godkjenning av tiltaket under vilkår, vil medføre at tverrbuarane delvis vil få utsikt over strandlina frå sine eigedomar. Tverrbuarane vil få sjøutsikt i vestleg retning og framleis få tilført kveldssol til sine bustadtomter. Av omsyn til ovannemnde har soleis begge partar sine interesser vore vurdert i saksbehandlinga.

